

ETNE KONTROLLUTVAL**INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET**

Dato: måndag 21. september 2020
Tid: kl. 13.00
Sted: Etne tinghus, formannskapssalen

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 977
eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlem innkalla særskilt. Medlem som har lovleg forfall eller meina seg ugild, må gi melding om dette slik at vara medlem kan bli innkalla.
Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt til medlemmer/varamedlemmer.

Kommunedirektøren er invitert i sak 14 - 15

SAKLISTE:

- 13/20 Godkjenning av protokoll frå møte 18.05.20**
- 14/20 Orientering frå administrasjonen – v/kommunedirektøren**
- 15/20 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – «Innkjøp»**
- 16/20 Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 – Etne kommune**
- 17/20 Plan for eigarskapskontroll 2020-2024 – Etne kommune**
- 18/20 Budsjett 2021 - kontrollarbeidet i kommunen – kontrollutvalet sitt framlegg**
- 19/20 Referat- og orienteringssaker 21.09.20**
- 20/20 Val av revisjon frå 01.07.21– konkurransebasert eller interkommunalt samarbeid**

Ymse

Aksdal, 14.09.20

Tollef Rullestad
Kontrollutvalsleiar (sign.)

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Kommunedirektør (invitert i sak 14 - 15)
Varamedlem (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	21.09.20	13/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 18.05.20

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 18.05.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Saksvedlegg: Protokoll frå møte 18.05.20

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 18.05.20 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje komme merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen skal godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 14.09.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

ETNE KONTROLLUTVAL**PROTOKOLL**

Måndag **18. mai 2020** blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Tollef Rullestad.

MØTESTAD:	Etne tinghus, formannskapssalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – kl. 15.30
MØTANDE MEDLEMER:	Tollef Rullestad (Ap), Nina Vierdal Vee (Sp), Ragni Sunniva Fett (V), Øyvind Kaldheim (Krf), Kjetil Winterthun (Frp)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Rekneskapsrevisor Else Holst-Larsen Forvaltningsrevisor Frode Løvlie via link i sak 8, Deloitte AS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunedirektør Bjørn Tollefsen, økonomisjef Filippo Ballarin og rådgjevar Per Rune Kolås i sak 7
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp)
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**SAK 06/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 17.02.20****Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 17.02.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 18.05.20:

Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.05.20:

Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 17.02.20 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 07/20 ETNE KOMMUNE - UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN 2019

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Etne vedtek uttale til årsrekneskapen 2019 slik den ligg føre/med desse endringane/tillegga.

Handsaming i kontrollutvalet 18.05.20:

Rådmann og nyttilsett økonomisjef orienterte om rekneskapen. Netto driftsresultat var på minus 1,2 mill. Det var særlig innan pleie- og omsorg det hadde vore meirforbruk. I tillegg var det utfordringar med store utgifter til pensjon og Skakkesenteret. Sjukefråværet hadde gått litt ned. Det same var lånegjelda.

Revisor kommenterte at det hadde vore store utfordringar for kommunen med å få ferdig rekneskapen. Noko skyldast endring i leiinga og noko Koronasituasjonen. Det var gjeve rein revisjonsmelding. Ho gjorde greie for merknadane i revisjonsrapporten.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om mellom anna avskrivningar, sjølvkostfond, drifta av pleie- og omsorgsavdelinga og Skakkesenteret. Uttalen til rekneskapen blei vedteken i tråd med framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.05.20:

Kontrollutvalet i Etne vedtek uttale til årsrekneskapen 2019 slik den ligg føre:

Etne kommune sin årsrekneskap for 2019 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 1,8 mill. kroner.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit netto driftsresultat på minus 1,2 mill. kroner. Det utgjer minus 0,3 %, som er langt dårlegare enn i fjor (5,2 %) og er under anbefalt nivå på 1,75 %.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2019 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.19.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Etne kommune sin årsrekneskap for 2019.

SAK 08/20 ARBEIDET MED PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2024 – PRESENTASJON AV RISIKO- OG VESENTLEG-VURDERINGAR OG PRIORITERING AV PROSJEKT

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tar Deloitte sin presentasjon av risiko- og vesentlegvurdering til orientering.

Etne kontrollutval prioriterer følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024:

1.
 2.
 3.
- Osb.

Revisor vil innarbeide utvalet sine prioriteringar i Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Framlegg til plan blir lagt fram for kontrollutvalet i neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 18.05.20:

Forvaltningsrevisor Frode Løvlie deltok via link frå Bergen. Han gjorde greie for Risiko- og vesentlegvurderingane, med særskilt vekt på dei med størst risiko.

Medlemmene drøfte dei ulike risikoområda. I samarbeid med forvaltningsrevisor laga utvalet ei prioritert liste over 8 – 10 prosjekt. Revisor vil innarbeide desse, saman med dei uprioriterte prosjekta, i ein ny plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Framlegget til ny plan vil bli lagt fram for utvalet i neste møte.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.05.20:

Etne kontrollutval tar Deloitte sin presentasjon av risiko- og vesentlegvurdering til orientering.

Etne kontrollutval prioriterer 8 - 10 ulike forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar for perioden 2020 – 2024.

Revisor vil innarbeide utvalet sine prioriteringar i Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Framlegget til plan blir lagt fram for kontrollutvalet i neste møte.

SAK 09/20 FELLES FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – FORUM FOR OPPVEKST I SUNNHORDLAND (FOS)

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval vil delta i felles forvaltningsrevisjon av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS).

Etne kontrollutval godkjenner ein lott på kr. 35 726 basert på kostnadsdeling blant 6 kommunar, der fastpris utgjør halvparten og innbyggartal halvparten av samla kostnader. I tillegg kan det bli kommunevise utgifter til møte og presentasjon av rapporten.

Etne kontrollutval tar utgangspunkt i prosjektplanen frå KPMG, og har elles slike innspel til problemstillingar som bør undersøkast.....

Handsaming i kontrollutvalet 18.05.20:

Sekretær gjorde kort greie for saka. Medlemmene drøfta invitasjonen frå Stord kontrollutval. Utvalet var samd om å slutta seg til arbeidet med ein felles forvaltningsrevisjon, i tråd med prosjektplanen frå KPMG AS.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.05.20:

Etne kontrollutval vil delta i felles forvaltningsrevisjon av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS).

Etne kontrollutval godkjenner ein lott på kr. 35 726 basert på kostnadsdeling blant 6 kommunar, der fastpris utgjør halvparten og innbyggartal halvparten av samla kostnader. I tillegg kan det bli kommunevise utgifter til møte og presentasjon av rapporten.

Etne kontrollutval godkjenner prosjektplanen frå KPMG.

SAK 10/20 REGLEMENTET TIL KONTROLLUTVALET – ENDRINGAR ETTER NY KOMMUNELOV

Sekretariatet si innstilling:

Etne kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Etne kontrollutval som følgje av ny kommunelov. Reglementet blir endra i samsvar med vedlagt reglement (med tillegg/endingar).

Handsaming i kontrollutvalet 18.05.20:

Sekretær gjorde greie for at det var trong for å oppdatere utvalet sitt reglement, slik at det vert i tråd med den nye kommunelova. Utvalet hadde ingen merknader til endingane.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.05.20 og innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Etne kontrollutval som følgje av ny kommunelov.

Reglementet blir endra i samsvar med vedlagt reglement.

SAK 11/20 PLAN FOR ORIENTERING OM EININGANE OG STAB/STØTTE

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:

21.09.20	fellestenester v/kommunedirektør
23.11.20	oppvekst og kultur v/kommunalsjef Sævik
<u>2021</u>	
Møte 1	helse og omsorg v/kommunalsjef
Møte 2	utvikling og drift v/kommunalsjef Lundberg
Møte 3	økonomi v/økonomisjef Ballarin
Møte 4	personalavd. v/personalsjef Kallestadbakken

Tidsramma vert sett til 30 - 40 min. inkludert spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Handsaming i kontrollutvalet 18.05.20:

Sekretær forklarte om bakgrunnen for saka. Medlemmene meinte det kunne vera nyttig med slike orienteringar, og slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.05.20:

Etne kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:

21.09.20 fellestenester v/kommunedirektør
23.11.20 oppvekst og kultur v/kommunalsjef Sævik

2021

Møte 1 helse og omsorg v/kommunalsjef
Møte 2 utvikling og drift v/kommunalsjef Lundberg
Møte 3 økonomi v/økonomisjef Ballarin
Møte 4 personalavd. v/personalsjef Kallestadbakken

Tidsramma vert sett til 30 - 40 min. inkludert spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

SAK 12/20 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 18.05.20

11. Statusrapport pr. mai 2020
12. Tilbakemelding frå folkevaldopplæring på Solstrand 18 – 19. februar v/leiar
13. Kontrollrapport 2019 vedkomande skatteoppkrevjaren for Etne kommune
14. Haugaland Vekst IKS – representantskapsprotokoll 21.02.20
15. Haugaland brann og redning IKS – representantskapsprotokoll 23.04.20
16. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS – representantskapsprotokoll 27.04.20
17. Kommunal Rapport - 22.04.20 – «Hvorfor er tilsyn og kontroll blitt så viktig?»

Handsaming i kontrollutvalet 18.05.20:

Sekretær orienterte om referatsakene. Utvalsleiar meinte opplæringa på Solstrand i februar hadde vore interessant og lærerik. Han oppmoda alle medlemmene til å reise på kurs. Utvalet hadde elles ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.05.20:

Referatsakene 11 – 17 vert tatt til orientering.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: måndag 21.09.20, kl. 13.00

Etne/Aksdal, 18.05.20

Tollef Rullestad
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	21.09.20	14/20
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – V/KOMMUNE-DIREKTØREN

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunedirektøren om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

Saksorientering

Utvalet vedtok i møtet 18.05.20, sak 11/20 følgjande:

Etne kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:

21.09.20 **fellestenester v/kommunedirektør**
23.11.20 oppvekst og kultur v/kommunalsjef Sævik

2021

Møte 1 helse og omsorg v/kommunalsjef
Møte 2 utvikling og drift v/kommunalsjef Lundberg
Møte 3 økonomi v/økonomisjef Ballarin
Møte 4 personalavd. v/personalsjef Kallestadbakken

Tidsramma vert sett til 30 - 40 min. inkludert spørsmål. Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjent med kommunen si drift og dei utfordringane kommunen har. Planen/invitasjonen blei sendt kommunedirektøren 26.05.20.

Sekretariatet vil gjere framlegg om følgjande tema (berre rettleiande):

Tenesteområda og tenestetilbod

- Korleis tenesteområda er organisert
- Kva tenester som ligg til tenesteområda

Dei tilsette

- Fordeling på dei ulike tenestene
- Rekruttering av medarbeidarar
- Eventuelle utfordringar når det gjeld rekruttering

Budsjett og rekneskap

- Rammer
- Resultat

Tankar om framtida

- Utfordringar
- Planar

Tidsrama er sett til 30-40 minutt inkludert spørsmål. Dersom nokon av utvalsmedlemmene har innspel eller særskilte ønskjer om emne eller spørsmål, må dei varsle sekretariatet om det før møtet.

Aksdal, 14.09.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kommunestyret	27.10.20	
Kontrollutvalet	21.09.20	15/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «INNKJØP»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre tar kommunedirektøren sin tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «Innkjøp» til orientering

Saksvedlegg: tilbakemelding frå kommunedirektøren, dagsett 10.09.20

Bakgrunn

Etne kommunestyret vedtok i møtet 29.10.19, sak 63/19 følgjande:

1. *Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Innkjøp» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 6 tilrådingar.*
3. *Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Føremålet med forvaltningsrevisjonen var å undersøkje om organisering av innkjøpsarbeidet i Etne kommune var føremålstenleg, om rutinar og system for innkjøpsarbeidet var i samsvar med lover og reglar og ev. politiske føringar i kommunen, og om regelverket blir etterlevd i innkjøpsprosessar. Vidare var det vore eit føremål å kartleggje kva rutinar og system for kontrollhandlingar som var etablert med omsyn til innkjøp, og å undersøkje om desse var i samsvar med lovar og reglar og politiske føringar i kommunen.

Revisor hadde følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

1. *sikre at alle typar kjøp er omfatta av fullmaktsstrukturen, og at alle fullmaktar blir skriftleggjort*
2. *innføre rutinar for å avdekkje brot på regleverk og kjøp utanfor rammeavtalar*

3. *innføre rutinar for kontraktsoppfølging*
4. *gjennomføre innkjøp i samsvar med krav i regelverket, under dette:*
 - a. *konkurranseeksponere anskaffingar i samsvar med krav regelverket*
 - b. *dokumentere innkjøp i samsvar med krav i regelverket*
5. *vurdere inngåing av rammeavtalar på områder der det er føremålstenleg*
6. *vurdere opplæringstiltak for å auke innkjøpskompetansen i organisasjonen*

Oppfølging/tilbakemelding

Vedlagt saka er kommunedirektøren si tilbakemelding, dagsett 10.09.20.

Kommunedirektøren har grundig gjort greie for korleis kvar av dei seks tilrådingane har blitt følgt opp. I dei fire vedlegga frå kommunedirektøren er det gjort greie for ulike rutinar, prosedyrer og retningslinjer.

Sekretariatet sine kommentarar:

I følgje kommunelova § 23-2 bokstav e og forskrift for kontroll og revisjon § 5, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at forvaltningsrevisjonar blir følgt opp. Dette for å sikre at kontrollen får effekt og bidrar til forbetringar. Utvalet skal også rapportere til kommunestyret korleis merknadene er følgt opp.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er kommunedirektøren sitt ansvar.

Kontrollutvalet kan også rapportere om tidlegare saker til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Dette synes ikkje være aktuelt i denne saka. Tilbakemeldinga frå kommunedirektøren viser at tilrådingane er følgt opp, forbetringstiltak er sett i verk og det er lagt planar for vidare oppfølging.

Aksdal, 14.09.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

Etne, 10.09.2020

Dykkar ref.: **Vår ref.:**

Arkivsaknr:19/1289

Journalpostnr:20/9291

Arkiv:

N-103

Sakshandsamar:

BKR

Svar på tilrådingar frå forvaltningsrevisjonen 2019

SAKSUTGREIING

Etne kommune har løpet av 2019 hatt besøk av forvaltningsrevisjonen på innkjøp.

«Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å undersøkje om organisering av innkjøpsarbeidet i Etne kommune er føremålstenleg, om rutinar og system for innkjøpsarbeidet er i samsvar med lover og reglar og ev. politiske føringar i kommunen, og om regelverket blir etterlevd i innkjøpsprosessar. Vidare har det vore eit føremål å kartleggje kva rutinar og system for kontrollhandlingar som er etablert med omsyn til innkjøp, og å undersøkje om desse er i samsvar med lovar og reglar og politiske føringar i kommunen.

Basert på funna i undersøkinga, tilrår revisjonen at Etne kommune sett i verk følgjande tiltak:

1. sikre at alle typar kjøp er omfatta av fullmaktsstrukturen, og at alle fullmakter blir Skriftleggjort

2. innføre rutinar for å avdekkje brot på regleverk og kjøp utanfor rammeavtalar

3. innføre rutinar for kontraktsoppfølging

4. gjennomføre innkjøp i samsvar med krav i regelverket, under dette:

- a. konkurranseeksponere anskaffingar i samsvar med krav regelverket*
- b. dokumentere innkjøp i samsvar med krav i regelverket*

5. vurdere inngåing av rammeavtalar på områder der det er føremålstenleg

6. vurdere opplæringstiltak for å auke innkjøpskompetansen i organisasjonen

Problemstilling

1. sikre at alle typar kjøp er omfatta av fullmaktsstrukturen, og at alle fullmakter blir Skriftleggjort:



Alle innkjøp må godkjennast i av leiar med budsjettmynde via tilvising. Dette er også beskriva i økonomihandboka og delegeringsreglementet. Dersom det kjem faktura som leiar med budsjettmynde ikkje kjenner til eller har godkjent kjøpet på forhand, skal ein ta dette opp med bestillar.

Innkjøp over 100 000 kr vert alltid sjekka av rådgivar mot budsjett samt at det kun er einingsleiar/sektorsjef som kan signere protokoll for anskaffinga.

Etne kommune ser det ikkje naudsynt å ha dette meir skriftleggjort en det er på plass til i dag.

Det er tilgangar i økonomisystemet som sikrar at rett person tilvise rett faktura.

2. innføre rutinar for å avdekkje brot på regleverk og kjøp utanfor rammeavtalar:

Etne kommune har laga 2 nye rutinar for å avdekke brot på regelverket. Dei eine rutinen er ei halvårleg gjennomgang av alle leverandørar.

I økonomisystemet tar ein ut ein leverandørsatstikk som viser kor mykje kvar leverandør har fakturert Etne kommune for inneverande år.

Leverandørar skal sjekkast mot rammeavtalar og websak/Mercell for å kontrollera at innkjøpet er gjennomført etter regelverket. I dei tilfella det ikkje er avtale eller utlyst konkurranse vil ein arbeide for å få på plass ein rammeavtale.

Den andre rutinen er ein halvårleg internrevisjon-rutine. Rutina seier korleis ein skal gjennomføra ein eller fleire verifikasjonar/kontrollar av konkrete innkjøp årleg. Dette for å sjekke at regelverket blir fylgt. Det skal meldast avvik der det vert oppdaga avvik. Denne oppgåve ligg også i årshjulet til økonomi.

Formålet er å sjekke at alle lovpålagde dokument i ein konkurranse er lagra og utarbeida slik lova krev det. Den seier også noko om korleis ein skal sjekke faktura over 100 000 for å avdekke avvik på innkjøp.

3. innføre rutinar for kontraktsoppfølging.

Kontraktsoppfølging er ein kontinuerleg prosess som skjer i fleire ledd.

Kontraktsoppfølging inneberer oppstartsmøter, dialogmøter, reklamasjon, tilrettelegging for bruk av kontrakt, internopplæring og meir.

Det er fleire roller involvert i kontraktsoppfølging og mykje av det som gjeld dette teamet er også beskrive i innkjøpsrutina.

Det er ikkje laga ein eigen rutine for kontraktsoppfølging men ein beskriving/rettleiar av

kva som ligg i kontraktsoppfølging. Dette ligg i Kvalitetsportalen og einingsleiarar og innkjøparar skal kjenne til dette dokumentet.

4. gjennomføre innkjøp i samsvar med krav i regelverket, under dette:

- a. konkurranseeksponere anskaffingar i samsvar med krav regelverket
- b. dokumentere innkjøp i samsvar med krav i regelverket

Innkjøp i Etne kommune skal gjennomførast etter regelverket. Etne kommune har ein godt utarbeida t rutine som, om man følgjer den, sikrar at regelverket blir følgt. Den beskriver i detalj korleis ein skal gjennomføre innkjøp frå 1 kr. Den beskriver også i detalj kva dokument som skal lagrast og korleis.

5. vurdere inngåing av rammeavtalar på områder der det er føremålstenleg

Viser til punkt 2 og rutine for halvårleg gjennomgang av alle leverandørar.

6. vurdere opplæringstiltak for å auke innkjøpskompetansen i organisasjonen

Etne kommune vil gjennomføre ein årleg gjennomgang av innkjøpsrutinen for leiarar og merkantil. Mykje av innkjøpskompetansen ligger i hos rådgjevar for innkjøp.

Rutinen fortel grundig korleis innkjøp skal gjennomførast. Ein kombinasjon av dette vil være dekkande for å gjennomføre innkjøp i samsvar med regelverket.

Vurdering

Dei nye rutineane samt innkjøpsrutina skal være dekkande for å gjennomføre anskaffingar etter regelverket. Det vil samstundes kunne være behov for meir kompetansen det som er i kommunen.

Då nyttar seg av innkjøpssamarbeidet eller advokat/konsulent-hjelp hos KS advokatane.

Med helsing

Beate Tandrevold
rådgjevar økonomi

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Vedleggsliste:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
10.09.2020	Innkjøpsrutine (5)	1451109
10.09.2020	Internrevisjon innkjøp	1451110
10.09.2020	Kontraktsoppfølging	1451111

Vedleggsliste:**Dok.dato**

10.09.2020

TittelSjekk av leverandører mot
rammeavtaler (3)**Dok.ID**

1451112

Kopi til:

Bjørn Tollefsen

 Etne kommune Avd: Økonomi	Oppdatert: 09.03.2020
Tittel: Internrevisjon av innkjøp	

Føremål

Sikre at alle innkjøp er gjennomført i samsvar med regelverket. Avdekke avvik innan innkjøp

Grunnlag

Loven og forskrifta om offentlige anskaffingar.

Omtale

Faktura som er større en 100 000 kr skal alltid sjekkas mot rammeavtale og websak.

Dersom det er avvik på dokumentregistreringen mot innkjøp, skal del meldes avvik til leiar for økonomi.

2 gangar i året skal det gjennomførast ein internkontroll på registrerte innkjøp mot websak. sjekke at alle dokumenter som skal journalførast ligger rett lagra.

Hent først rutinen for gjennomgang og plukk så 3-5 innkjøp i websak i inneværende år ut for kontroll.

I dei tilfelle det er avvik mot websak skal det meldes eit avvik til leiar for økonomi.

Ansvar/mynde

Rådgjevar for innkjøp skal gjennomføre internkontroll.

Kvalitetsmål

Sikre at alle innkjøp i Etne kommune blir gjennomført etter regelverket..

Evaluering

Kryssreferansar

Innkjøpsrutinen

Vedlegg

RUTINE FOR INNKJØP I ETNE KOMMUNE



Føremål

Føremålet med rutinen er å sikre at alle anskaffingar i Etne kommune blir gjennomført i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og overordna innkjøpsstrategi. Rutinen gjeld for alle innkjøp av varer og tenester på vegne av Etne kommune. Ulike delar av rutinen vil vere relevante for ulike typar innkjøp.

Grunnlag

- Lov om offentlege anskaffingar
- Forskrift om offentlege anskaffingar
- Forsyningsforskrifta
- Innkjøpsstrategi for Etne kommune
- Etisk reglement for Etne kommune

Alle innkjøp det offentlege gjer skal vere i samsvar med lov og forskrift om offentlege anskaffingar (LOA og FOA). Hovudføremålet til anskaffingsreglane er disponering av offentlege middel på ein mest mogleg effektiv måte. Dette søker ein å gjere gjennom reglar som sikrar konkurranse, likehandsaming, ikkje-diskriminering og føreseielegheit.

Verdien på anskaffinga bestemmer kva type reglar som er relevante.

Prosedyre for innkjøp

Arkivering/Websak

Alle innkjøp som er omfatta av regelverket skal arkiveras i websak, jf. Offentleglova. Opprett sak på innkjøpet i Websak med namn:

«Innkjøp 20xx- namn på konkurranse- eining»

Alle dokumenter som tilhøyrar sjølve innkjøpet skal bli lagra i Websak i innkjøpsmappe

- Konkurransegrunnlag, tilhøyrande dokument,
- tilbod
- protokoll.

Sjekk nøye kva dokument som skal vere offentleg og kven som kan/skal vere (midlertidig) unnateke. Tilbod og protokoll kan unntakas frå innsyn inntil val av leverandør er gjort, jf. offl. § 23. Totalpris er ikkje hemmelig, men delepriser kan være hemmelige. Personlige opplysingar og opplysningar som røper tekniske innrettingar og framgangsmåtar, samt drifts- eller forretningsforhold er hemmelige må sladdast ved innsyn. Dette bør skje i dialog med den som har levert tilbodet eller at ein ber om at det og vert levert sladda tilbod.

Anskaffing	Prosedyre	Kunngjøring	Dokumentasjonsplikt	KGV Mercell
Under 100.000.- <i>Ikkje regulert av lov eller forskrift.</i>	K-sak 015/18 Min. 2. Men med fokus på konkurranseprinsippet . Likehandsaming, ikkje diskriminering og føreseielegheit.	Frivillig	Nei	Kan brukast
100.000 – 1.300.000 LOA og FOA DEL I. Særlige tenester helse 6. 95 mill forsyningsforskrift til 4.1 mill og 51 mill	Anskaffinga skal konkurranseutsetjast, men avhengig av storleik og omfang, kan det t.d vere nok å orientere seg i marknaden, sende ut prisførespurnad til eit avgrensa tal tilbydarer el.l.	Frivillig på Doffin. <i>Alle konkurranseformar kan nyttast. (open og avgrensa anbudskonkurranse, konkurranse med forhandling)</i>	Ja Anbudspapir m/vedlegg Tilbod Tildelingsbrev Anbudsprotokoll Kontrakt	Skal i hovudsak nyttas
1.300.000 til EØS terskelverdi (2 mill. per 2018) LOA og FOA del I og II	Alle konkurranseformar kan nyttast. (open og avgrensa anbudskonkurranse, konkurranse med forhandling)	Skal lysast ut på Doffin	Ja Anbudspapir m/vedlegg Tilbod Tildelingsbrev Anbudsprotokoll Kontrakt	Skal nyttas
Over EØS-terskelverdi (2 mill. per 2018) LOA og FOA De I og III	Konkurranse med forhandling kan kunn nyttast unntaksvis.	Skal lysast ut på Doffin og på TED.	Ja Anbudspapir m/vedlegg Tilbod Tildelingsbrev Anbudsprotokoll Kontrakt	Skal nyttas
Hastekjøp unntak frå DEL II	Ved akutte situasjonar, vil det vere mogleg å gjennomføre såkalla hastekjøp, jf. Forskrift	Nei	Skal protokollførast og grunnast.	Kan nyttas

	om offentlege anskaffingar § 5-2 (1) c. Føresegna krev at det må ligg føre uførutsette omstende, som gjer at oppdragsgivar ikkje kan utsette inngåing av kontrakt. DEL I skal då nyttas			
--	--	--	--	--

Vurdering - alle innkjøp

Sjekk alltid avtaleoversikt om det finnes rammeavtale på innkjøpet du skal gjera. Finnes det avtale skal den nyttas.

Oversikten finn du i kvalitetsportalen under Dokument:

Etne kommune->felles Etne kommune->Innkjøp

- Kva skal eigentleg kjøpast inn? Det er viktig å definere klart kva kjøpet er, viss ikkje risikerer ein tilbod på noko ein eigentleg ikkje ville ha. Planlegging før innkjøp av avgjerande ved alle innkjøp.
- Finns det rammeavtale som dekker anskaffinga? Er anskaffinga omfatta av avtale skal denne brukast.
- Kan fleire einingar ha behov for det same? Viss ja, felles utlysing då kommunen er ei juridisk eining.
- Budsjettdekning: Sjekk at naudsynt finansiering er på plass.
- Verdi: Vurder verdi eks. mva. Verdien skal reknast over heile avtaleperioden og inkludert eventuelle opsjonar. Anbudet skal ikkje delast opp med den hensikt å komme under terskelverdiar. Verdien avgjer kva prosedyrekrav som er knytt til anskaffinga.
- Lærningar: Det offentlege har plikt til å stilla krav om bruk av lærningar i tenestekontraktar og kontraktar om bygge- og anleggsarbeider som er omfatta av forskrift om offentlege anskaffingar eller forsyningsforskrifta med ein verdi over 2 millionar og med varighet over 3 månader, jf. LOA § 7
- Konkurransegrunnlag: Bruk konkurransegrunnlagsmal, slik at ein får presisert kva eininga ønskjer å kjøpe og korleis innkjøpet vert gjennomført og sikra at ein får me alt som skal vere med.
- Innhald: Det skal utarbeidast ei detaljert kravspesifikasjon som skildrar kva innkjøpet er. Det er eininga med fagansvar for den aktuelle anskaffinga som skal utarbeide kravspesifikasjonen. Dette må ein setje av nok tid til.

Konkurransegjennomføringsverktøy - KGV

Frå og med 01.07.2018 er alle kommunar pålagt å bruke eit konkurransegjennomføringsverktøy (KGV) for innkjøp over EØS terskelverdi, DEL II og DEL III. Etne Kommune bruker Mercell KGV. Det er økonomieininga som har brukar på Mercell.

Alle innkjøp over 100.000 *skal* også gjennomførast i Mercell KGV. Verktøyet tek vare på sikkerheit rundt kommunikasjon, endringar i konkurranse, opning av tilbod og protokollføring. Mercell KGV generere ei mappe med alle tilhøyrande dokument, som skal leggst i websak. Innkjøp i DEL I, blir berre sendt til utvalde leverandørar frå Mercell KGV. Dersom leverandør har spørsmål knytt til funksjonalitet i verktøyet, t.d. korleis dei skal gje tilbod, kan dei ta kontakt med Mercell Support på tlf.: 21 01 88 60 eller på e-post til: support@mercell.com.

Innkjøp under 100 000 eks. mva.

Ikkje regulert av lov eller forskrift.

Rettleiar frå regjeringa seier at «*oppdragsgivaren bør også se hen til og opptre i henhold til de grunnleggende prinsippene*» § 4 LOA.

Kommunestyret har vedteke at det som minimum skal hentast inn prisar frå to leverandørar på innkjøp under 100.000 kr. Det er opp til den innkjøpsansvarlege å utøve skjønn i kvar enkelt tilfelle på om dette er aktuelt. Kravet må vurderast ut å frå størrelsen på innkjøpet og kunnskapen om marknaden. Det er ingen særskilte dokumentasjonskrav.

DEL I Frå 100.000 til 1.300.000 eks. mva.

6.950.000 helse og sosialtenester og 51 mill. for innkjøp som vert dekket av forsyningsforskrifta FOR eks. mva.

Innkjøpet skal som hovudregel gjennomførast i KGV Mercell

- 1 Utarbeid leverandøruavhengig skildring av behovet, ev. kravsspesifikasjon og tildelingskriterier (Lågaste pris eller økonomisk mest fordelaktig tilbod). Det skal krevjast skatteattest for mva og skatt som ikkje er eldre enn 6 mnd (innkjøp over 500.000 kr).
- 2 Identifisere moglege leverandørar. Minst 3 for å sikre konkurranse. Avhengig av type anskaffing, gjer ei fagleg vurdering av korleis anskaffinga skal konkurranseutsetjast: Undersøking i marknaden, telefonkontakt, prisførespurnad osv. Jo meir kompleks, og jo høgare verdi, jo meir omfattande bør konkurranseutsetjinga vere. Eventuelt frivillig utlysing på Doffin der dette vurderast som tenleg.
- 3 Sende ut førespurnad i Mercell eller e-post.
- 4 Tilbod takast imot. Tilbydarar, prisar og ev. merknader registrerast i protokoll/KGV.
- 5 Tilboda evaluerast ut frå tildelingskriteria. Beste tilbod veljast. Det skal ligge føre ein grunngjeving for val av vinner. Intensjonsmelding sendast ut med kort grunngjevnad.
- 6 Innkjøpet protokollerast av minimum to personar, eller bruk KGV og arkiverast i Websak.
- 7 Signering/skriftleg dokumentasjon av kontrakt/bestilling der det går fram kva som er bestilt og av kven.

DEL II Frå 1.300.000 til 2.000.000 eks. mva. (NB! 51 mill. for bygg og anleggskontraktar)***Innkjøpet skal gjennomførast i KGV***

- 1 Utarbeid leverandøruavhengig skildring av behovet, ev. kravsspesifikasjon og tildelingskriterier (Lågaste pris eller økonomisk mest fordelaktig tilbod). Det skal krevjast skatteattest for mva og skatt som ikkje er eldre enn 6 md. For tenester (arbeid) skal ein be om HMS-eigenerklæring
- 2 Konkurransen skal ut på Doffin via KGV
- 3 Tilbod skal leverast via KGV.
- 4 Tilboda evaluerast ut i frå tildelingskriteria. Beste tilbod veljast. Det skal ligge føre ein grunngjeving for val av vinner. Intensjonsmelding sendast ut med kort grunngjevnad. Det skal vere ein rimelig karenperiode/klagefrist.
- 5 Innkjøpsprotokoll blir generert i KGV. Den skal arkiverast i Websak.
- 6 Signering/skriftleg dokumentasjon av kontrakt/bestilling der det går fram kva som er bestilt og av kven.

DEL III Innkjøp over 2.000.000 eks. mva.***Innkjøpet skal gjennomførast i KGV***

Følg rutine for innkjøp over 1.300.000. I tillegg skal konkurransen lysast ut i den internasjonale TED-databasen via KGV.

Hasteinnkjøp

Ved akutte situasjonar, vil det vere mogleg å gjennomføre såkalla hasteinnkjøp, jf. forskrift om offentlege anskaffingar § 5-2 (1) c. Føresegna krev at det må ligge føre uføresette omstende, som gjer at oppdragsgivar ikkje kan utsetje inngåing av kontrakt i den tidsperioden det vil ta å gjennomføre ein anbodskonkurranse. Ligg desse vilkåra føre, vil det altså vere ein opning for å gjennomføre innkjøp etter del I. Merk at dette er ei unntaksføresegn, og at eventuelle direkteinnkjøp aldri må vere meir omfattande enn det som er strengt naudsynt som følgje av dei uføresette forhold. Det er berre hendingar utanfor oppdragsgivar sin kontroll som kan heimle hasteinnkjøp, t.d. ulykker, uhell, naturkatastrofar, medisinske naudstilfelle osv.

DEL IV

Innkjøp av helse og sosialtenester som overstig EØS terskelverdi på 6.950.000 skal følgje DEL IV. Oppdragsgjevar har stort handlingsrom. Man kan velje mellom å bruke DEL II eller DEL III. Prosedyren skal utformas i tråd med de grunnleggande prinsippa. § 4 LOA.

Formalia**Særleg om konkurransegrunnlaget**

Konkurransegrunnlaget utgjør grunnlaget for konkurransen, og skal innehalde alle opplysningar som er naudsynte for gjennomføring av konkurransen. Dette inkluderer formalia som namn på oppdragsgivar, kontaktperson, tilbodsfrist og leveringsadresse, i tillegg til relevant informasjon om

sjølve anskaffinga. Når det gjeld sistnemnte er det særleg tre moment ein må vere oppmerksame på: Kravspesifikasjon, kvalifikasjonskrav og tildelingskriterier.

De finn konkurransegrunnlagsmalar her: F:\Økonomi\Innkjøp\Malar og protokoll eller på <https://www.anskaffelser.no>. Tekst merkt med gult i konkurransegrunnlagsmalen indikerer at innhald må fyllast inn eller at brukar av malen bør sjekke om det er behov for å tilpasse den merkte teksten sitt behov. Dersom brukar fjernar eller legg til punkt, må brukaren passe på å oppdatere tilvisingane til andre punkt i dokumentet. Dette kan gjerast ved å halde musepeikaren over tilvisinga, høgreklikke og velje oppdater felt. Dette gjeld også innhaldslista. Innhaldslista må oppdaterast for at ho skal bli riktig.

Det er avgjerande at oppdragsgivar skildrar anskaffinga på ei best mogleg måte, gjennom kravspesifikasjon og/eller funksjonsbeskrivelse. Her angir ein minstekrava for anskaffinga. Dei tilbydarar som ikkje oppfyller kravspesifikasjonen må avvisast frå konkurransen.

Kvalifikasjonskrav vert brukt for å skilje kvalifiserte leverandørar frå ikkje-kvalifiserte. Det kan t.d. stillast krav om skatte- eller sikkerheitsmessig posisjon, solvens, at firma er av ei viss storleik, relevant erfaring, og andre ting som vurderast som avgjerande for oppfylling av anskaffinga. Dersom ein tilbydar ikkje oppfyller kvalifikasjonskrava, vert han ekskludert frå konkurransen.

Tildelingskriteria skil seg frå kvalifikasjonskrava: Medan kvalifikasjonskrava utgjør absolutte krav som må oppfyllest for at tilbydarane kan få vere med i konkurransen, skal tildelingskriteriene avgjere kven av dei kvalifiserte tilbydarane som har det beste tilbodet. Kvalifikasjonskrava rettar seg dermed mot tilbydaren i seg sjølve, medan tildelingskriteriene rettar seg mot innhaldet i tilboda. Det er ikkje høve til å stille same krav i både kvalifikasjons- og tildelingsfasen.

Tildelingskriteria skal avgjere kven som har levert det beste tilbodet. Her kan ein anten bruke lågaste pris som einaste tildelingskriterium, eller finne det «økonomisk mest fordelaktige» tilbodet ved å bruke fleire tildelingskriterier, t.d. kompetanse, kvalitet, leveringstid osv. Det er viktig med klare og konsise tildelingskriterier, som gjer det mogleg å samanlikne tilboda på ein god, etterprøvbar og føreseieleg måte. Dersom det vert brukt fleire tildelingskriterier skal desse vektast, og det skal informerast om korleis poeng vil bli gitt. Det er ikkje høve til å endre tildelingskriteria eller vektinga av desse i etterkant. Merk at tildelingskriteria skal vere objektive og ikkje-diskriminerande, samt vere relevante for, og ha tilknytning til, anskaffinga.

Varslingar

Når beste tilbod er vald, skal samlege tilbydarar varslast om dette, saman med ei kort grunngiving av kvifor vinnartilbodet var det beste. Det skal vere ein karenperiode (DEL II og III) som i praksis utgjør ein klagefrist for tilbydarane.

I dei fleste anskaffingar kan kontrakt bestå av kontraktsforside (sjå mal), konkurransegrunnlag, tilbod og eventuelle standardvilkår og vedlegg/presiseringar.

Ansvar/mynde

Einingsleiar har det overordna ansvar for alle innkjøp som gjerast innafor eige budsjett. Innkjøp skjer etter nærare avtale med einingsleiar. For innkjøp over 100 000 eks. mva skal fleire enn ein person vere involvert i sakshandsaming og avgjerd. Det er fagansvarleg for anskaffinga som skal gjere vurderingar som gjeld verdi, kravspesifikasjon og tildelingskriterier, samt utval av potensielle tilbydarar. Støtteininga gir støtte kva gjeld det formelle rammeverket og gjennomfører utlysing på Doffin/TED.

Vedlegg:

Oversikt terskelverdier

Anskaffelsesforskriften	Nasjonal terskelverdi
Nasjonal terskelverdi	1,3 millionar kroner
Anskaffelsesforskriften	EØS-terskelverdi
Oppdragsgjevarers vare- og tenestekontraktar	2,05 millionar kroner
Alle oppdragsgjevarers bygge- og anleggskontraktar	51,5 millionar kroner
Helse- og sosialtenester og særlege tenester	6,95 millionar kroner
Subsidierte byggje- og anleggskontraktar og tilknytta tenestekontraktar	7,2 millionar kroner 2 millionar kroner
Delkontraktar om varer og tenester som kjem inn under del I av regelverket	700 000 kroner
Delkontraktar om byggje- og anleggsarbeider som kjem inn under del II av regelverket	9,25 millionar kroner
Oppdragsgjevarar som ikkje er omfatta av offentleglova, skal gje innsyn i:	
-Varer og tenestekontraktar	9,25 millionar kroner
-byggje og anleggskontraktar	92,5 millionar kroner
Begrensning av antall ledd i leverandørkjeda for henholdsvis statlege myndigheter og andre	1,3 millioner kroner og 2,05millioner kroner
Forsyningsforskriften	EØS terskelverdi
Alle oppdragsgjevars vare- og tenestekontraktar og plan- og designkonkurransar	4,1 millionar kroner
Alle oppdragsgjevars byggje- og anleggskontraktar	51 millionar kroner
Helse- og sosialtenester og særlige tenester	9,25 millionar kroner
Delkontraktar om varer og tenester	700 000 kroner
Delkontraktar om bygge- og anleggsarbeid	9,25 millionar kroner
Oppdragsgjev. som ikkje er omfatta av offentleglova, skal gi innsyn i:	
-Varer og tenestekontraktar	9,25 millionar kroner
-byggje og anleggskontraktar	92,5 millionar kroner
Begrensning av antall ledd i leverandørkjeden	4,1 millionar kroner
Konsesjonskontraktforskrifta	EØS-terskelverdi
Alle konsesjonskontraktar	51 millionar kroner
Forskrift om forsvars- og sikkerhetsanskaffelser	EØS-terskelverdi

Vare- og tenestekontraktar	4,1 millionar kroner
Bygge- og anlegg	51 millionar kroner
Delkontraktar om varer og tenester	700 000 kroner
Delkontrakter om bygge- og anleggsarbeider	9,25 millionar kroner

Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår
Terskelverdi

Tildeling av tenestekontraktar og bygge- og anleggskontraktar for statlige myndigheter	1,3 millionar kroner
Tildeling av tenestekontraktar og bygge- og anleggskontraktar for andre myndigheiter	2 millionar kroner

Forskrift om plikt til å stilla krav om bruk av lærlingar i offentlege kontraktar
Terskelverdi

Statlige myndigheters plikt til kreve bruk av lærlingar	1,3 millionar kroner
Andre myndigheters plikt til å kreve bruk av lærlingar	2 millionar kroner

 Etne kommune Avd: økonomi	Oppdatert: 09.03.2020
Tittel: Kontraktsoppfølging	

Føremål

Sørgje for at rammeavtaler og kontraktar blir følgt opp mot gjellande regelverk og sikre at kommune får i henhold til bestilling.

Grunnlag

Loven og forskrift om offentlige anskaffingar

OmtaleKontraktsoppfølging

Når du følger opp en kontrakt sikrer du bedre måloppnåelse ved at du får kontraktsmessig ytelse. Omfanget og ikke minst lengden på kontrakts oppfølgingen varierer fra kontrakt til kontrakt.

Roller og ansvar under kontraktsoppfølging

Gjennom kontraktsoppfølgingen sikrer du at dei ytelsane du har avtalt faktisk blir levert. I tillegg bidreg kontraktsoppfølgingen til eit godt samarbeid med leverandøren og å avverge moglege misforståelser og konflikhtar.

Vidare får ein også vite kva forpliktingar ein som oppdragsgivar har og kva forpliktingar leverandøren har og kva skal ein gjer dersom ein meiner at ein ikkje har fått kontraktsmessig yting mm.

Det er også viktig å vite kva endringar som lovleg kan gjerast i en kontrakt og kva endringar som ikkje er lovlege.

Dersom ytelsene som leveres endres i forhold til det som er avtalt i kontrakten, kan endringen i realiteten være en ulovlig direkte anskaffelse. Det er derfor viktig å ha kontroll på eventuelle endringer som gjøres i kontrakten

Oppstartsmøte med leverandør (Innkjøp/eiger)

Oppstartsmøte med leverandør er viktig for å få til ein god dialog med leverandøren gjennom heile avtaleperioden. Her avklaras forventningar, partanes kontraktpunkter og praktisk informasjon. Dette kan være med på å førebyggje eventuelle konflikt og bidra til at gjennomføringa går i henhold til kontrakt.

Hovudpunkt for oppstartsmøte med leverandør Innkjøp/eiger

Ha et oppstartsmøte så tidleg som mogleg, gjerne i forbindelse med kontraktsignering. I oppstartsmøtet bør følgjande avklaras:

Oppdragsgjevars forventningar til leverandørens leveranse.
 Leverandørens forventningar til kva oppdragsgjevar skal gjere.
 Leverandørens gjennomføringsplan.
 Lag en plan for jevnlege møter mellom oppdragsgiver og leverandøren. Bruk møtene til kvalitetssikring av pågående arbeid.
 Oppdragsgivers betalingsplan.
 Kontaktpersoner og kontaktinformasjon.

Det kan være lurt allereie i oppstartsmøte å presentere kva tema som skal behandlas på møta og korleis det skal dokumenteras. Difi har laget malar for kontraktsoppfølging i samarbeid med bransjen.

Slik følgjer du opp avtalen, (Innkjøp/eiger)

- Ha gjevnleg oppfølging av kontrakten med leverandøren
- Følgje opp reklamasjonar og gjennomføra sanksjon
- Vurdere/godkjenne prisendringar
- Utløyse av eventuelle opsjonar i samarbeid med budsjetteigar
- Følgje opp lønns- og arbeidsvilkår og lærlingar
- Evaluere leveransar underveis (se verktøy for evaluering)

«Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter pålegger offentlige oppdragsgivere å gjennomføre nødvendig kontroll av at det ikke forekommer brudd på lønns- og arbeidsvilkår ved kjøp av tjenester og bygg og anlegg på over 1,3 millioner NOK

(statlige virksomheter) eller over 2 millioner NOK (andre). For anskaffelser innen bransjer hvor det gjelder allmenngjøringsforskrifter skal det stilles krav om at lønns- og arbeidsvilkårene skal være i tråd med allmenngjøringsforskriften uavhengig av forskriftens verdi.»

<https://www.anskaffelser.no/verktoy/veiledere/veileder-om-lønns-og-arbeidsvilkar-i-offentlige-kontrakter-bokmal>

Slik gjer du avtalen kjent, (Innkjøp/eiger)

- Sørg for at avtalen vert gjort kjent internt i virksomheten, for eksempel:
1. ved å leggje avtaleinformasjon ut på kvalitetsportalen.
 2. ved å presentere avtalen og innhald for organisasjonens bestillerar og relevante brukerar
 3. ved å leggje den inn i virksomhetens innkjøpssystem KGV Merzell
 4. Eventuell opplæring av dei personar som skal gjera bestillingar på avtalen/avropa

Roller og ansvar under kontraktsoppfølging, (Økonomi/innkjøp)

- Sørgje for berekning av effektar og kontrollere måloppnåing og risiko
- Rapportere iht. gjeldande retningslinjer
- Beslutta bruk av dagbot, heving, oppsigelse
- Godkjenne å utløyse opsjon, tilleggs- og endrings-orddrar
- Initiere eventuelt ny anskaffing
- Tilretteleggje for bruk av kontrakt
- Tilretteleggje for elektroniske bestillingar i bestillingssystem
- Publisere informasjon om kontrakten
- Ivareta de formelle forhold til leverandøren:
 - o Følgje opp kontraktens kommersielle vilkår derunder prisregulering, reklamasjonar, garantikrav, sanksjoner og tvistar
 - o Vurdere og gjennomføre utløysing av opsjonar

- Gjennomføre evt. minikonkurransar i KGV
- Samle og dokumentere erfaringer fra anskaffelsesprosessen
- Arkivera relevant dokumentasjon

Kontraktsforvaltar (Økonomi/innkjøp)

- Bruk av KAV for gjennomføring av kontrakt
- Implementera kontrakten i virksomheten
- Gjevnleg oppfølging av kontrakten med leverandøren
- Gjennomføre brukeropplæring
- Løpende oppfølging av kontrakt:
 - o Akseptere leveranser i henhold til kontrakt (kvalitet, kvantitet, tid og sted)
 - o Administrere oppfølging av avvik og garantiar
 - o Vurdere sanksjonar
 - o Sørge for måloppnåing
 - o Utforme tilleggs- og endringsordrer iht. kontraktens bestemmelsar
- Oppdatere risikoanalyse og tiltaksplan ved behov
- Sluttevaluering
- Samle og dokumentera erfaringar med leveransen og leverandøren

Fagansvarlig

- Forberede mottak av leveranse
- Undersøke leveransen og godkjenna og/eller melde evt. avvik til kontraktsforvaltar
- Bistå kontraktsforvaltar ved oppfølging av evt. avvik, reklamasjon m.m
- Melde erfaringar med leveransen og bruk av denne til kontraktsforvaltar

Bestillar

- Sjekke inngåtte avtaler for å se om behovet kan dekkas av bestilling på ein av avtalane
- Opprette/registrere bestilling i bestillingssystemet
- Påføre korrekt kontering på bestillinga
- Bidra til styrket avtalelojalitet
- Leverandøroppfølging på operativt nivå
- Leveranseoppfølging på operativt nivå. Følge opp status på leveranse med kontraktsforvalter

Mottakar

- Ansvar for at motatt vare eller teneste er i henhold til bestilling og kontrakt
- Registrering av mottak i elektronisk bestillingssystem (attestasjon)
- Arkivera fraktbrev

Gjennom kontraktsoppfølgingen sikrer du at de ytelsene du har avtalt faktisk blir levert. I tillegg bidrar kontraktsoppfølgingen til et godt samarbeid med leverandøren og å avverge mulige misforståelser og konflikter.

Ansvar/mynde

Alle som er i kontakt med innkjøp skal følge opp sine oppgaver i henhold til rutinen.

Kvalitetsmål

Sikre at innkjøp i kommunen er i henhold til regelverket.

 Etne kommune Avd: økonomi	Oppdatert: 09.03.2020
Tittel: Sjekk leverandører mot rammeavtaler	

Føremål

Avdekke innkjøp som bør lyses ut som rammeavtale


Grunnlag

Loven og forskrift om offentlige anskaffelser .

Omtale

Rutinen skal utførast 2 gonger i året.

- Gå inn i Økonomimodulen Visma Enterprise
- Søk opp i menyen i bunnen : leverandørstatistikk



Leverandørstatistikk

Lagrede utvalg: <Standard systemverdier> [Lagre ny]

Utvalgsriterier

Selskap	1		
Region			Rekkefølge
Art	0	-	99999999 0
Ansvar	0	-	9999 0
Teneste	0	-	99999 0
Prosjekt		-	AAAA 0
Lånenr		-	AAA 0
Reskontrotype	L	-	L
Reskontro	0:99999999		1
Balansekonto			
Beløpsgrenser	-99.999.999,00	-	99.999.999,00
Regnskapsår	2018	-	2018
Periode	1	-	15
Bilagstype	I	-	99

Styringsparametre

☐ Omsetning tidligere år begrenses til fra/til periode

☒ Excel ☐ Calc ☐ Fakturadetaljer skal listes ut

Sortering

☒ Nr ☐ Omsetning ☐ Antall faktura

[Kjør rapport]

- Legg inn ønska periode og vel Excel slik som over og «kjør rapport»
- Gå gjennom rapporten og sjekk mot rammeavtalar.

For dei innkjøpa som det ikkje er avtale på gå til innkjøpsrutinen for å sjekke om det skal lysas ut rammeavtale og eventuelt korleis.

Gjennomfør statusmøter med ansvarleg eining.

Ansvar/mynde

Rådgjevar innkjøp.

Kvalitetsmål

Sikte at kommunen følgjer innkjøpsregelverket. Hindre at kommunen gjør ulovlige direkte anskaffingar.

Evaluerings

Rutinen skal gjennomførast 2 gonger pr år.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	27.10.20	/20
Kontrollutvalet	21.09.20	16/20
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2020 - 2024 – ETNE KOMMUNE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 slik den ligg føre/ med desse endringane:

Og innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 slik den ligg føre.

Etne kommunestyret gjer kontrollutvalet delegert mynde til å endre planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-3.

Vedlegg:

1. Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024, juni 2020
2. Risiko- og vesentlegvurderingar for Etne kommune, utarbeida av Deloitte AS

Bakgrunn:

Forvaltningsrevisjon vil seie å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader av kommunestyret sine vedtak.

Etter kommunelova 23-3 skal kontrollutvalet utarbeide ein plan som viser kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar dei neste fire år. Planen skal vere basert på ein risiko- og vesentlegvurderingar av kommunen si verksemd. Dette for å finne ut kor det er størst trong for forvaltningsrevisjon. Planen skal vere lagd seinast innan utgongen av året etter kommunestyret har konstituert seg.

Planen er det kommunestyret sjølv som skal vedta. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden.

Saksorientering:

I møtet 25.11.19, sak 28/19 blei Deloitte AS engasjert av utvalet til å utarbeide analyse og utkast til plan. I det fyrste prosessmøtet den 17.02.20, sak 5/20 deltok medlemmene i Deloitte sitt risikospel, saman med revisor Frode Løvlie. Spelet var en del av prosessen for å komme med innspel til ny analyse og plan.

Forvaltningsrevisor presentere risiko- og vesentlegvurderingane dei hadde laga i møtet 18.05.20, sak 08/20. Revisor gjekk då igjennom analysen med vekt på dei prosjekt som dei har funne som aktuelle for forvaltningsrevisjon i perioden, basert mellom anna på innspel som kom fram under risikospelet og innspel frå kommunedirektøren si leiargruppe. Medlemmene drøfta dei ulike områda og gjorde sine prioriteringar. Revisor har innarbeida utvalet sine prioriteringar i framlegget til ny plan som er vedlegg 1. Risiko- og vesentlegvurderingane er vedlagt saksdokumenta som vedlegg 2.

Dette analysedokumentet er eit verktøy – som saman med kontrollutvalet sine egne vurderingar skal leggjast til grunn for prioritering av aktuelle prosjekter i planen. Det er utvalet som prioriterer og vurderer dei ulike risikoområda og avgjør kva område som skal bli gjenstand for forvaltningsrevisjon.

Plan 2016-2020

I planen for perioden 2016-2020 blei følgjande område prioritert:

1. ~~sjukefråvær~~ - rapport ferdig hausten 2017
2. internkontroll innan helse og omsorg
3. tverrfagleg samarbeid omkring barn og unge
4. budsjettering innan pleie og omsorg
5. kommunen sitt arbeid for flyktningar
6. ~~innkjøp~~ - rapport ferdig hausten 2019
7. barnevern - evaluere Vindafjord sin rapport frå 2015 før eventuelt nytt prosjekt

I 2018 blei det gjennomført eit prosjekt i samarbeid med Vindafjord kommune om «IKT og informasjonstryggleik.

Plan 2020-2024

I framlegget til ny plan har revisor, i samråd med kontrollutvalet, gjort framlegg om følgjande tema blir prioritert for ein mogleg forvaltningsrevisjon i perioden 2020-2024:

Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

- 1 Bemanning, rekruttering og sjukefråvær
- 2 Kontrakts- og leverandøroppfølging
- 3 Trygt og godt skulemiljø
- 4 Tilpassa opplæring og spesialundervisning
- 5 Pleie og omsorg
- 6 Næring og landbruk
- 7 Internkontroll og kvalitetssystem
- 8 Skakke SA
- 9 Tomteselskapet Etne AS
- 10 Øyane Asvo AS

Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Organisasjon, økonomi og styring
Barnevern
Kultur
Vedlikehald av kommunale bygg
Planarbeid
Byggesak
Bemanning innan helse og omsorg
Tenestekontor
Psykiske helse- og rustenesta
Tenester for funksjonshemma
Haugaland interkommunale miljøverk IKS
Haugaland brann og redning IKS
Krisesenter vest IKS
Saksførebuing og vedtaksoppfølging
Informasjonstryggleik og IKT
Innkjøp
Offentlegheit og arkiv
Berekraft, miljø og klima
Barnehage
Kvalitet i skulen
Samarbeid om tenester til born og unge
Beredskap
NAV/Sosiale tenester
Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS
Haugaland vekst IKS

Det er ikkje realistisk at planen inneheld meir enn 5-10 prosjekt, da årlege budsjettmidlar tilseier at det vert gjennomført eit til to prosjekt kvart år.

Vidare saksgang

Når kontrollutvalet ser seg ferdig med prioriteringane i planen, vil den vere klar for oversending til kommunestyret for slutthandsaming. Siste frist for å utarbeide plan er ifølgje lova seinast innan utgangen av året etter kommunestyret er konstituert. Den blir tolka slik at denne fristen ikkje krev at kommunestyret skal ha vedtatt planen før nyttår, men at kontrollutvalet har handsama planen. Slik det ligg an i prosessen no, vil planen bli lagt fram for kommunestyret i september.

Når eit prosjekt skal setjast i gong, må det planleggjast meir i detalj før revisor startar opp. Kontrollutvalet må då, saman med revisor, foreta ei undersøking om dei aktuelle tema i prosjektet, og vurdere kva som er mest relevant og vesentleg å undersøke. Omfanget av prosjektet vil også vere avhengig av kor mange tema som vil vere viktige for kontrollutvalet å få svar på i ein rapport. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med den einskilte tinginga av prosjektet.

Kommunestyret bør delegere til kontrollutvalet å prioritere dei mest aktuelle prosjekta innafor vedtatt plan, samt at dei kan å ta inn nye prosjekt i planen dersom det oppstår trong for det. Slik mynde har då også blitt gjeven tidlegare år, og ein finn heimel til det i kommunelova § 23-3 siste setning.

Aksdal, 14.09.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Etne kommune
Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024

Juni 2020

Innhold

1.	Innleiing	4
1.1	Krav til forvaltningsrevisjon	4
1.2	Krav til plan for forvaltningsrevisjon	4
1.3	Krav til risiko- og vesentlegvurdering	4
2.	Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2020-2024	5
2.1	Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt	5
2.2	Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt	6
3.	Gjennomføring av forvaltningsrevisjon	7
3.1	Standard og innsynsrett	7
3.2	Metode	7
3.3	Gjennomføring og rapportering	7

1. Innleiing

1.1 Krav til forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-2 bokstav c) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen sin verksemd og av selskap kommunen har eigarinteresser i. Same lov § 23-3 definerer forvaltningsrevisjon som å gjennomføre systematiske vurderingar av:

- økonomi,
- produktivitet,
- regeletterleving,
- målinnfriing og
- verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

1.2 Krav til plan for forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-3 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for forvaltningsrevisjon:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner.

I følgje kommunelova § 23-3 femte ledd er det kommunestyret som vedtek plan for forvaltningsrevisjon,. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringer i planen:

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

1.3 Krav til risiko- og vesentlegvurdering

Kommunelova § 23-3 tredje ledd stiller krav om at planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering:

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper.

På oppdrag frå kontrollutvalet har Deloitte gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering i Etne kommune. Føremålet har vore å skaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen og i selskapa der kommunen har eigarinteresser, slik at det var mogleg for kontrollutvalet å prioritere mellom ulike område og ulike selskap der det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon.

Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen si verksemd har teke utgangspunkt i risiko for manglar eller avvik knytt til produktivitet, målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging, internkontroll og/eller effektivitet. Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen sine eigarskap i selskap har teke utgangspunkt i risiko for at selskapa ikkje driv i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, eller at dei ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte. I tillegg har det blitt vurdert kor vesentlege selskapa er for kommunen, med utgangspunkt i brukarperspektivet/samfunnsnyttan og dei økonomiske interessene dei representerer for kommunen.

Informasjon som ligg til grunn for risiko- og vesentlegvurderinga, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt leiing og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse
- Prosessmøte i kontrollutvalet
- Spørjeundersøking til tilsette og politikarar i kommunen
- Intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen.

På bakgrunn av risiko- og vesentlegvurderinga er det utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt, og kontrollutvalet har vurdert dei ulike områda opp mot kvarandre og prioritert dei områda dei meiner det er mest vesentleg å undersøkje.

2. Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2020-2024

Under er forvaltningsrevisjonsprosjekta presentert i prioritert rekkefølge. Forvaltningsrevisjonsprosjekta er delt i to grupper; ei prioritert liste med dei viktigaste prosjekta, samt ei uprioritert liste med prosjekta som er vurdert å ha lågare risiko og mindre vesentlege å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon av. Kor mange prosjekt som vil bli gjennomført i perioden avheng av kontrollutvalet sitt budsjett og omfanget til dei einiskilde prosjekta.

Under kvart prioriterte prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med funna i risiko- og vesentleg-vurderinga. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med bestilling av dei enkeltvise forvaltningsrevisjonsprosjekta.

Forvaltningsrevisjon av selskap kan kombinerast med eigarskapskontroll (sjå plan for eigarskapskontroll 2020-2024).

2.1 Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Tabell 1: Prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Nr.	Prosjekt	Tema
1	Bemannings, rekruttering og sjukefråvær	• <i>Bruk av vikartenester</i> • <i>Oppfølging av sjukemeldte i samsvar med krav i lov- og regelverk</i> • <i>System og rutinar for personalforvaltning</i> • <i>Rekruttering</i>
2	Kontrakts- og leverandøroppfølging	• <i>Oversikt over kontraktar</i> • <i>Rutinar for leverandør- og kontraktsoppfølging</i> • <i>Etterleving av rutinar</i> • <i>Kontroll av utvalde kontraktar, t.d. med omsyn til:</i> - o <i>Leveransar</i> - o <i>Kontraktsvilkår</i> - o <i>Regelverk (HMT, løn, osv.)</i>
3	Trygt og godt skulemiljø	• <i>Regeletterleving</i> • <i>System og rutinar</i>
4	Tilpassa opplæring og spesialundervisning	• <i>Etterleving av opplæringslova og forvaltningslova</i> • <i>Samarbeid med PPT på individ- og systemnivå</i>
5	Pleie og omsorg	• <i>Tiltak for å sikre ressurseffektive tenester</i> • <i>Tildeling av tenester</i> • <i>Bruk av omsorgstrappen</i> • <i>Kapasitet og kompetanse, inkluder sjukefråvær og vikarbruk</i>
6	Næring og landbruk	• <i>Oppfølging av oppgåver</i> • <i>Regeletterleving</i>
7	Internkontroll og kvalitetssystem	• <i>Tilfredsstillande internkontroll</i> • <i>Bruk av kvalitetssystem</i> • <i>Gjennomføring av risikovurderingar</i> • <i>Melding og oppfølging av avvik</i>
8	Skakke SA	• <i>Økonomistyring og leiing</i> • <i>Internkontroll og HMT</i> • <i>Målinnfriing</i> • <i>Organisering</i>
9	Tomteselskapet Etne AS	• <i>Økonomistyring og leiing</i> • <i>Internkontroll og HMT</i> • <i>Målinnfriing</i> • <i>Organisering</i>
10	Øyane Asvo AS	• <i>Økonomistyring</i> • <i>Internkontroll og HMT</i> • <i>Målinnfriing</i> • <i>Brukarmedverknad</i>

2.2 Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Tabell 2: Uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Prosjekt
Organisasjon, økonomi og styring
Barnevern
Kultur
Vedlikehold av kommunale bygg
Planarbeid
Byggesak
Bemanning innan helse og omsorg
Tenestekontor
Psyriske helse- og rustenesta
Tenester for funksjonshemma
Haugaland interkommunale miljøverk IKS
Haugaland brann og redning IKS
Krisesenter vest IKS
Saksførebuing og vedtaksoppfølging
Informasjonstryggleik og IKT
Innkjøp
Offentlegheit og arkiv
Berekraft, miljø og klima
Barnehage
Kvalitet i skulen
Samarbeid om tenester til born og unge
Beredskap
NAV/Sosiale tenester
Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS
Haugaland vekst IKS

Om kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre område bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for forvaltningsrevisjon. Dersom kontrollutvalet finn det føremålstenleg kan plan for forvaltningsrevisjon rullerast i løpet av perioden.

3. Gjennomføring av forvaltningsrevisjon

3.1 Standard og innsynsrett

Revisor skal følge standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) ved gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt.¹

Revisor har rett til å krevje innsyn i alle opplysningar, skildringar og dokument i kommunen som er nødvendige for å utføre sine oppgåver. Innsynsretten gjeld utan hinder av teieplikt. Dette går fram av kommunelova § 24-2 fjerde ledd.

Revisor har òg innsynsrett i kommunen sine interkommunale selskap, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefelleskap, aksjeselskap der det ikkje er innslag av statlege eller private eigarar, samt i verksemdar som utfører oppgåver på vegner av kommunen. Dette går fram av kommunelova § 24-10 jf. § 24-6. Innsynsretten i verksemdar som utfører oppgåver på vegner av kommune er ny, og er avgrensa til verksemdar som har avtalerettslege forpliktingar ovanfor kommunen. Innsyn og undersøkingar skal berre omfatte det som er nødvendig for å undersøkje om kontrakten er oppfylt.

3.2 Metode

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike forvaltningsrevisjonsprosjekta avheng av endelege problemformuleringar i det einskilde prosjekt. Generelt bør det brukast ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkeleg bredde i datamaterialet til å kunne utføre heilskapleg analysar og vurderingar. Ei slik metodetriangulering medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- Dokumentanalyse
- Elektroniske spørjeskjema
- Intervju
- Dataanalyse
- Testing av kontrollar og rutinar

Det er sentralt for å kunne gjennomføre vellukka forvaltningsrevisjonsprosjekt at kontrollutvalet saman med revisor avgrensar og definerer prosjekta ved å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkte og kva revisjonskriterium² revisor skal leggje til grunn. Før ein forvaltningsrevisjon blir starta opp, skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

3.3 Gjennomføring og rapportering

Revisor skal sende oppstartsbrev med informasjon om forvaltningsrevisjonsprosjekt til administrasjonssjefen før datainnsamlinga tek til. Administrasjonssjefen skal få høve til å kome med sitt syn på funna i kva forvaltningsrevisjonsrapport. Uttalen frå administrasjonssjefen skal leggjast ved rapporten som blir sendt til kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir oversendt kommunestyret saman med rapporten. Det er kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunestyret sine vedtak knytt til handsaminga av rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgt opp.

¹ Sjå <https://www.nkrf.no/rsk-001-standard-for-forvaltningsrevisjon>

² Normer og standardar som forvaltninga blir vurdert opp mot (vedtak, regelverk, mål).



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.



Opplysningar som kjem fram i dokumentet er i hovudsak ikkje verifisert, og kan ikkje nyttast som faktagrunnlag utan ytterlegare undersøkingar.

Etne kommune

Risiko- og vesentlegvurderingar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Mai 2020

«Risiko- og vesentlegvurdering for
forvaltningsrevisjon og
eigarskapskontroll»

Mai 2020

Rapporten er utarbeidd for Etne
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1.	Innleiing	5
2.	Organisering og nøkkeltal	8
3.	Forvaltningsrevisjon - oversikt over identifiserte risikoområde i forvaltninga	12
4.	Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoar i kommunen sine selskap	27
5.	Eigarskapskontrollar – oversikt over identifiserte risikoområde	41
6.	Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn	43
7.	Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar	44

Detaljert innhaldsliste

1.	Innleiing	5
1.1	Bakgrunn	5
1.2	Forvaltningsrevisjon	5
1.3	Eigarskapskontroll	5
1.4	Forskjell mellom forvaltningsrevisjon i selskap og eigarskapskontroll	6
1.5	Metode og gjennomføring	6
1.6	Lesarrettleiing	7
2.	Organisering og nøkkeltal	8
2.1	Organisering	8
2.2	Finansielle nøkkeltal	8
2.3	Befolkningsutvikling	9
2.4	Kommunen sine eigarskap	10
3.	Forvaltningsrevisjon - oversikt over identifiserte risikoområde i forvaltninga	12
3.1	Sektorovergripande funksjonar	13
3.2	Oppvekst og kultur	17
3.3	Utvikling og drift	21
3.4	Helse og omsorg	24
4.	Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoar i kommunen sine selskap	27
4.1	Selskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10	28
4.2	Selskap som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10	32
4.3	Føretak, samarbeid og foreiningar	39
5.	Eigarskapskontrollar – oversikt over identifiserte risikoområde	41
6.	Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn	43
6.1	Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskaps-/eigarskapskontrollar	43
6.2	Tilsyn	43
7.	Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar	44
7.1	Forvaltningsrevisjon	44
7.2	Eigarskapskontroll	46

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

I samsvar med prosjektplanar vedteke av kontrollutvalet i møte 25.11.2019 i sak 18/19 har Deloitte gjennomført risiko- og vesentlegvurderingar (ROV-vurderingar) av Etne kommune si verksemd og i selskapa der Etne kommune har eigarinteresser. Føremålet med ROV-vurderingane har vore å skaffe relevant informasjon om dei delane av verksemda i kommunen og selskapa der kommunen har eigarinteresser, som det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll.

ROV-vurderingane er systematiserte og framstilte i dette analysedokumentet. Dokumentet danner grunnlag for kontrollutvalet sitt arbeid med planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for 2020-2024. Kontrollutvalet er pålagt å utarbeide slike planar. Planane skal vedtakast av kommunestyret.

I arbeidet med ROV-vurderingane og utarbeidinga av analysedokumentet har det blitt gjennomført møte med kontrollutvalet, dokumentgjennomgang, intervju og spørjeundersøking (sjå seksjon 1.5).

Analysen er av overordna karakter og i stor grad basert på innspel som har kome fram gjennom møte i kontrollutvalet, intervju, spørjeundersøking og gjennomgang av relevant dokumentasjon. Datagrunnlaget er i avgrensa grad verifisert. Datagrunnlaget er i analysedokumentet nytta som indikasjon på risikoforhold som eventuelt bør eller kan følgjast opp/undersøkjast i forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll eller gjennom andre undersøkingar dersom kontrollutvalet og kommunestyret ønskjer dette.

1.2 Forvaltningsrevisjon

I kommunelova § 23-3 går det fram at forvaltningsrevisjon inneber å gjere systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, målinnfriing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Same lov § 23-2 bokstav c), pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd og av selskap som kommunen har eigarinteresser i.

Kommunelova § 23-3 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for forvaltningsrevisjon:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner.

Det er vidare eit krav at plan om forvaltningsrevisjon skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering (ROV-vurdering):

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper.

Føremålet med ROV-vurderinga er å skaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen og i selskapa der kommunen har eigarinteresser, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å leggje ein plan for forvaltningsrevisjon og å prioritere mellom ulike område og ulike selskap der det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon.

Det er kommunestyret som vedtek plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

1.3 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll er ei oppgåve som er lagt til kontrollutvalet etter kommunelova § 23-2 bokstav d), og er nærare skildra i kommunelova § 23-4. Der går det fram at eigarskapskontroll inneber å kontrollere om forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser blir skjøtta i samsvar med regelverk, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Kommunelova § 23-4 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for eigarskapskontroll:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres.

Som med plan for forvaltningsrevisjon, skal også plan for eigarskapskontroll vere basert på ei ROV-vurdering:

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap.

Føremålet med ROV-vurderinga er å skaffe relevant informasjon om kor det er størst behov for eigarskapskontroll, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å leggje ein plan for eigarskapskontroll og å prioritere kva eigarskapskontrollar det kan vere aktuelt å gjennomføre.

Det er kommunestyret som vedtek plan for eigarskapskontroll. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

1.4 Forskjell mellom forvaltningsrevisjon i selskap og eigarskapskontroll

Ny kommunelov skil mellom forvaltningsrevisjon av selskap som inngår i ordinær forvaltningsrevisjon, og eigarskapskontroll. Fokuset i ein eigarskapskontroll er på korleis kommunen forvaltar eigarskapa sine, anten enkeltvis eller som portefølje. Kriteria vi legg til grunn er mellom anna regelverk knytt til ulike typar selskap (til dømes kommunelov, aksjelov, lov om interkommunale selskap), KS sine retningslinjer for kommunal eigarstyring, kommunale eigarskapsmeldingar/eigarstrategiar og andre mål, vedtak og retningslinjer. Fokuset i ein forvaltningsrevisjon av selskap er på sjølve selskapet, og vil t.d. omhandle om selskapet driv i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, og om det driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.

1.5 Metode og gjennomføring

I prosessen med ROV-vurderingar har vi nytta ein metodikk med høg grad av involvering, både av kontrollutvalet og av sentrale aktørar i administrasjonen og i kommunestyret. Ei slik tilnærming har bidrege til at vi har avdekkja kva forvaltningsområde, tenesteområde, selskap og eigarskap det er knytt størst risiko til. I tillegg har høg grad av involvering bidrege til å forankre planarbeidet og gjere det kjent både i kommunestyret og i administrasjonen. Dette vil skape eit godt grunnlag for gjennomføring av prosjekta som blir prioritert i planane.

1.5.1 Prosessmøte 1 med kontrollutvalet

I det første prosessmøtet fekk kontrollutvalet høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor kommunen sine ansvarsområde og knytt til drifta i selskapa der kommunen har eigarinteresser, basert på eiga erfaring frå arbeidet i kontrollutvalet.

1.5.2 Dokumentanalyse

Dokumentanalysen tok utgangspunkt i planar, meldingar og rapportar frå kommunen. Vi har òg undersøkt kva tilsyn som er gjennomført og eventuelt planlagt i kommunen. Desse har samla gitt eit oversyn over kommunen sine mål og strategiar, samt bidrege til å avdekkje område med risiko eller behov for forbedring.

1.5.3 Analyse av statistikk

Vi har gjennomgått KOSTRA-tal, tal frå kommunebarometeret og anna relevant statistikk som ligg føre for å undersøke om det er område der kommunen skil seg frå kommunar det er relevant å samanlikne seg med. Samanlikningane kan gje indikasjonar på risikoområde som det kan vere relevant å undersøke nærare.

1.5.4 Intervju

Vi har gjort intervju med både politiske og administrative leiarar i kommunen. Vi har intervjuja kommunedirektør, dei tre kommunalsjefane, økonomirådgjevar, ordførar, varaordførar og ein utvalsleiar.¹ Intervjua er gjennomførte per telefon.

¹ Også ein annan utvalsleiar blei invitert til intervju.

1.5.5 Elektronisk spørjeundersøking

Administrative leiarar og heile kommunestyret har vore involvert i ROV-vurderingane gjennom ei undersøking i Questback (elektronisk spørjeundersøkingsverktøy). I spørjeundersøkinga blei desse bedne om å peike på potensielle risikoar innanfor det tenesteområdet dei har ansvar for eller kjenner til, samt risikoområde knytt til selskap kommunen eig. Av totalt 34 inviterte, svara 18. Dette gjev ein responsrate på 52 %.

1.5.6 Gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase

Deloitte har nytta Bisnode SmartCheck for å få tilgang til rekneskapsopplysningar og informasjon om eigarskap og eigarskapsstruktur. Denne informasjonen er nytta både for å få oversyn over alle aktuelle selskap som skal omfattast av ROV-vurderingane, og for å avdekkje eventuelle risikoar gjennom dei føreliggjande finansielle nøkkeltala.²

1.5.7 Prosessmøte 2 med kontrollutvalet

I dette møtet legg revisjonen fram ROV-vurderingane (dette dokumentet) med dei risikovurderingane som er gjennomførte for kontrollutvalet. ROV-vurderingane og forslag til prosjekt vil i dette møtet bli lagt til grunn når kontrollutvalet skal prioritere område eller prosjekt for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for dei neste fire åra.

1.5.8 Vedtak av plandokument

Basert på dei prioriteringane som kontrollutvalet gjer i prosessmøte 2, vil det bli utarbeidd eit plandokument. Dette dokumentet blir vedtatt av kontrollutvalet før det blir sendt vidare til kommunestyret for endeleg vedtak.

1.6 Lesarrettleiing

Innspela som er samla inn i samband med den ROV-vurderinga er systematiserte og framstilte i dette dokumentet. Dokumentet er meint som eit grunnlag for kontrollutvalet for å velje ut og prioritere forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar.

I kapittel 2 gir vi ei kort oversikt over organiseringa av og nøkkeltala for kommunen.

Kapittel 3 og 4 omhandlar forvaltningsrevisjon. Her presenterer vi oversikt over identifiserte risikoområde innan dei ulike verksemdsområda og eigarskapa til kommunen som er eit resultat av undersøkinga vi har gjort i samband med analysearbeidet. Risikovurderingane og forslag til prosjekt er basert på ein overordna gjennomgang av kommunen sine tenesteområde og dei selskap kommunen har eigarskap i.

I kapittel 5 presenterer vi dei risikovurderingane vi har gjort for kommunen når det gjeld eigarskapskontroll.

Kapittel 6 inneheld oversikt over tidlegare gjennomførte og pågåande forvaltningsrevisjonar, selskapskontrollar, eigarskapskontrollar, samt oversikt over gjennomførte og planlagde tilsyn.

I kapittel 7 viser vi forslaga våre til moglege forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar basert på dei risikovurderingane som er gjennomførte. Forslaga til prosjekt er ikkje presentert i prioritert rekkefølge. Prioritering og val av prosjekt skal kontrollutvalet gjere. Kontrollutvalet står også fritt til å leggje til og/eller ta bort prosjekt i lista som her er presentert. Endeleg prioritering av prosjekt blir framstilt i plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 og plan for eigarskapskontroll 2020-2024, som skal leggjast fram for kommunestyret.


² Ikkje alle interkommunale selskap (IKS) er underlagt innleveringsplikt til Brønnøysundregisteret. Det førekjem også at slike selskap ikkje leverer årsrekneskap til Brønnøysundsregisteret. I desse tilfella har ikkje revisjonen tilgang på nøkkeltal. Slike manglande data vil bli opplyst om der det er relevant.

2. Organisering og nøkkeltal

2.1 Organisering

I 2019 starta Etne kommune å gjere endringar i den administrative organiseringa for å styrke det strategiske nivået i kommunen,³ i hovudsak ved å omorganisere kommunen frå ein to-nivåmodell til ein tre-nivåmodell. Dette betyr at kommunen har gått frå å ha ein felles kommunalsjef for alle tenestene til tre kommunalsjefar: ein for oppvekst og kultur, ein for utvikling og drift og – frå mars 2020 – også ein kommunalsjef for helse og omsorg.⁴ NAV, SLT-koordinator, IKT/EVIKT, økonomi og innkjøp, kommuneoverlege, tenestetorg og informasjon samt lønn og personal er framleis organisert direkte under kommunedirektøren.

Figur 1: Organisasjonskart Etne kommune 2020



I styringsmanual for Etne kommune⁵ går det fram at kommunalsjefane har ansvar for alle prosessar, all samordning og koordinering innan sitt område, samt interkommunale samarbeid innanfor deira området.

Etne og Vindafjord samarbeider om felles barnevern, skatteoppkrevjar, PPT, SLT-koordinator og legevakt på kveld og helg. I tillegg samarbeider kommunane om IKT (EVIKT) og Øyeblikkelig-hjelp plassar.

Etne kommune tilhøyrar KOSTRA-gruppe 02. Dette er små kommunar med middels bundne kostnader per innbyggjar og middels frie disponible inntekter.

2.2 Finansielle nøkkeltal

Netto driftsresultat er ein hovudindikator for økonomisk balanse i kommunesektoren, jf. berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU). Netto driftsresultat viser kor mykje som kan disponerast til avsetningar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. TBU tilrår at netto driftsresultat for kommunane er på 1,75 %.

³ Dette går fram i både i budsjett 2020, økonomiplan 2020-2023 og i intervju.

⁴ Kommunedirektøren opplyser i intervju at det var planlagt å få ein eigen kommunalsjef for helse og omsorg, men at dette blei fremskynda pga. Covid-19-pandemien.

⁵ Styringsmanual for Etne kommune

Netto driftsresultat i Etne kommune var i 2018 på 19,8 millionar kroner. Dette er 5,24 % av driftsresultatet, altså over det tilrådde nivået frå TBU. Overskotet skuldast i hovudsak ekstraintekter frå Havbruksfondet, høge konsesjonskraftinntekter og låge pensjonsutgifter. I andre tertialrapport frå 2019 blir det budsjettert med eit netto driftsresultat for året på -1,3 %, altså godt under tilrådd nivå. Rekneskapstala for 2019 var ikkje tilgjengelege på analysetidspunktet.

Budsjett for 2020 inneberer eit netto driftsresultat på 1,4 millionar kroner, eller om lag 0,39 %. Dette er betre enn budsjettert netto driftsresultat for 2019, men framleis under det tilrådde nivået frå TBU. I framlegg til budsjett 2020 går det fram at Etne kommune kom dårlegare ut i statsbudsjettet i 2020, mellom anna grunna lågare utgiftsutjamning. Det betyr at kommunen er rekna til å ha lågare driftskostnader i 2020 enn i 2019 samanlikna med landssnittet. I budsjettet går det fram at dei strammare økonomiske rammevilkåra gjer det nødvendig med justeringar i drifta.

Etne kommune har som målsetting i økonomiplanen for 2020-2023 å ha eit driftsresultat på minst 1,37 % innan 2023.

Etne kommune hadde eit disposisjonsfond ved utgangen av 2019 på 13,6 % av brutto driftsinntekter. Dette er høgare enn kommunegruppa (8,7 %). I 2018 var disposisjonsfondet til Etne på 15,4 % (i kommunegruppa var gjennomsnittet då 9,2 %).

Lånegjelda til Etne kommune utgjer 79 % av brutto driftsinntekter, mot det tilrådde nasjonale målet på 75 %. I økonomiplanen er det estimert at lånegjelda i 2023 vil utgjere 69 % av brutto driftsinntekter.

Tabellen under viser løyvingar til dei ulike tenesteområda i Etne kommune i 2018, 2019 og 2020. Merk at tala frå 2018 er rekneskapstal, medan tala for 2019 og 2020 er løyvingar i budsjetta. Tala i parentes viser løyvingar til tenesteområda i % av det totale driftsbudsjettet til kommunen.⁶

Tabell 1: Løyvingar til ulike tenesteområde⁷

Tenesteområde	R2018	B2019	B2020
Administrasjon og felles utgifter	38 330 231 (14,0 %)	50 559 438 (17,7 %)	31 379 369 (11,0 %)
Oppvekst og kultur	93 048 307 (34,0 %)	90 728 674 (31,8 %)	118 206 153 (41,6 %)
Helse og omsorg	119 203 658 (43,5 %)	121 887 123 (42,7 %)	112 053 362 (39,5 %)
Drift og utvikling	23 147 198 (8,5 %)	22 407 995 (7,8 %)	22 351 846 (7,9 %)
Sum fordelt totalt til drift	273 729 394 (100 %)	285 583 230 (100 %)	283 990 730 (100 %)

Tenesteområdet for helse og omsorg står for om lag 40 % av kommunen sitt driftsbudsjett og var det største tenesteområdet i kommunen fram til 2020. I 2020 auka budsjettet for oppvekst og kultur og dette er no det største tenesteområdet. Vidare viser tabellen at budsjettet til administrasjon og felles utgifter gjekk ned nesten 7 % i 2020.

2.3 Befolkningsutvikling

Befolkningsutviklinga i kommunen er relevant å omtale av fleire årsaker. For det første er innbyggjartilskot ein del av inntektssystemet til kommunane. Vidare må dei kommunale tenestene tilpassast demografiske endringar. Innbyggjartilskotet er i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbyggjar (talet på innbyggjarar per 1. juli) til alle kommunane. Deretter skjer det ei omfordeling på bakgrunn av fleire faktorar.⁸ For 2020 er innbyggjartilskotet før omfordeling 25 083 kroner per innbyggjar. Etne kommune hadde 4 077 innbyggjarar ved utgangen av 2018.

⁶ Tala er henta frå rådmannen sitt framlegg til budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023.

⁷ Inntektar i driftsbudsjettet (finans og fellesinntekter) er ikkje tatt med i tabellen.

⁸ Størsteparten av kommunane sine rammetilskot blir fordelt med utgangspunkt med eit likt beløp per innbyggjar. Utgiftsutjamninga skjer ved hjelp av ein kostnadsnøkkel som sørgjer for at denne delen av rammetilskotet blir fordelt frå kommunar som er rimelegare å drive enn landsgjennomsnittet, til kommunar som er dyrare å drive enn

Det går fram av årsmeldinga frå 2018 at Etne kommune hadde ein nedgang på 32 personar i 2018. I løpet av 2018 flytta det 123 inn i Etne kommune og 155 personar ut av kommunen.

Etne kommune si del av befolkning i gruppa 0-5 år er noko større enn resten av landet, med 7,1 %, mot 6,5 % i resten av landet. Vidare er 12,6 % av befolkninga i Etne i skulealder 6-15 år, samanlikna med 12,0 % i resten av landet. Kommunen har òg fleire eldre over 67 år, samanlikna med resten av landet (18,6 % i Etne mot 15,4 % i resten av landet). Prosentdelen av befolkninga i Etne kommune i arbeidsfør alder (16-66) er noko lågare enn snittet i landet (61,7 % mot 66,1 %). Dette betyr at kommunen relativt sett har fleire innbyggjarar som har behov for primærtenester for kommunen, og relativt sett færre skatteytarar.

I budsjettplan 2020 og økonomiplan 2020-2023 blir SSB (2018) og Hordaland Fylkeskommune (2016) sine tal for befolkningsframskriving skildra. Det går fram at ein truleg vil nå ein topp for barn i skulealder i Etne rundt 2025. Den største auken i tida framover er i aldersgruppa over 67 år.

2.4 Kommunen sine eigarskap

Etne kommune har eigarinteresser i ni selskap saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar, og i 15 selskap med innslag av private eller statlege aktørar på eigarsida. Kommunen sine eigarskap vil bli nærare omtalt i kapittel 4. Eigarskapa går fram i tabellen under:

Tabell 2: Eigarskap

Selskap	Bransje	Selskapsform	Eigardel
Øyane Asvo AS	Varig tilrettelagt arbeid, vaskeri- og renseriverksemd	AS	50 %
Tomteselskapet Etne AS	Utvikling og sal av fast eigedom	AS	49,85 %
Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	Offentleg administrasjon knytt til næringsverksemd og arbeidsmarknad	IKS	12,5 %
Haugaland vekst IKS	Innsamling av ikkje- farleg avfall	IKS	9,09 %
Haugaland interkommunale miljøverk IKS	Innsamling av ikkje-farleg avfall	IKS	8,5 %
Etne Elekrisitetslag AS	Investering i aksjar og samfunnsnyttige tiltak	AS	8,35 %
Grannar AS	Utgiving av avisar	IKS	8,03 %
Haugaland brann og redning IKS	Brannvern	IKS	3,62 %
Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS	Generell offentlig administrasjon	IKS	3,5 %
Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS	Drift av arkiver	IKS	2,78 %
Krisesenter vest IKS	Omsorgsinstitusjonar	IKS	2,3 %
Opero AS	Arbeidstrening for ordinært arbeidsmarknad	AS	2,17 %
Skånevik Ølen kraftlag AS	Distribusjon av elektrisitet	AS	1,56 %
Norsk Bane AS	Anna teknisk konsulentverksemd	AS	0,98 %
Åkrafjorden oppleving AS	Opplevingsaktivitetar	AS	0,45 %
Kommunekraft AS	Handel med elektrisitet	AS	0,31 %
Destinasjon Haugesund & Haugalandet AS	Turistverksemd og destinasjonsselskap	AS	0,19 %
Dag og Tid AS	Utgiving av blader og tidsskrift	AS	0,19 %

landsgjennomsnittet. Kostnadsnøkkelen består av ei rekke kriterium, mellom anna talet på barn i skulepliktig alder, talet på eldre, reiseavstand i kommunen mv.

Medvind24 Næringshage AS	Bedriftsrådgjeving og anna rådgjeving	AS	50 aksjar
E134 Haukelivegen AS	Interesseorganisasjon for utbygging av E134	AS	Ukjent
Biblioteksentralen SA	Engroshandel med bøker, avisar og blader	Samvirkeføretak	Ukjent
Skakke SA	Kulturhus, utleige av eigedom	Samvirkeføretak	Ukjent
Skånevik vassverk SA	Uttak frå kjelde, reinsing og distribusjon av vatn	Samvirkeføretak	Ukjent
Fikse næringsutvikling SA	Bedriftsrådgjeving og anna rådgjeving	Samvirkeføretak	Ukjent

Kommunale føretak og vertskommunesamarbeid er omfatta av ordinær forvaltningsrevisjon, og er derfor omfatta av ROV-vurderingane knytt til dette. Stiftingar og foreiningar er ikkje omfatta av regelverket om eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon av selskap, og er difor ikkje omtala i denne delen av ROV-vurderinga. Både kommunale føretak, vertskommunesamarbeid, stiftingar og foreiningar er lista opp i seksjon 4.3, og eventuelt drøfta i ROV-vurderinga om dette er vurdert som relevant.

3. Forvaltningsrevisjon - oversikt over identifiserte risikoområde i forvaltninga

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon, vil vi i dette kapittelet vurdere risiko for manglande målnnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging og internkontroll som er identifisert innan dei verksemdsområda som er gjennomgått i Etne kommune.

Overskriftene i kapittel 3.1-3.4 følger den administrative organiseringa i Etne kommune.

Risikonivå er i tabellane farga med raudt som representerer høg risiko eller gult som representerer middels risiko:

Fargesymbol	Skildring av risikovurdering
	Høg risiko På område som er merka med raudt meiner Deloitte, på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere høg risiko for anten manglande produktivitet, målnnfriing, regeletterleving eller effektivitet.
	Middels risiko På område som er merka med gult meiner Deloitte, på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere middels risiko for anten manglande produktivitet, målnnfriing, regeletterleving eller effektivitet.

I tabellane under vil vi under kvar sektor omtale utvalde område og tema. Dette er område og tema som blir framheva i dei data som revisjonen har analysert. Det betyr at område der det ikkje eksplisitt er identifisert risiko ikkje er omtala.

Det blir kommentert dersom det er planlagt tilsyn eller gjennomført forvaltningsrevisjonar eller tilsyn dei siste åra innanfor dei områda og temaa som er omtala.

Under kvart område identifiserer vi dei hovudtema analysen viser at det er knytt risiko til. Dette vil vere naturlege moment som takast med i ein eventuell forvaltningsrevisjon.

Det er viktig å understreke at risikovurderingane er skjønnsmessige, og vurderingar er basert på tilgjengeleg informasjon. Kontrollutvalet kan vurdere risikoen knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er føreslått her. Det er derfor kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere rekkefølga for forvaltningsrevisjonsprosjekt i dei planane som blir lagt fram for kommunestyret.

Vi tek atterhald om at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert av leiinga i kommunen.

3.1 Sektorovergripande funksjonar

Sentraladministrasjonen i Etne kommune er leia av kommunedirektøren og består av einingar for IKT/EVIKT, økonomi, tenestetorg og informasjon samt lønn og personal. Økonomieininga har ansvar for innkjøp, medan tenestetorget har ansvar for arkiv. Leiar på tenestetorget er kommunen sitt personvernombod. Etne kommune er vertskapskommune for eit årsverk med felles SLT-koordinator (samordning av lokale rus- og kriminalitetsforebyggjande tiltak) for Etne og Vindafjord kommune.

Etne kommune har sidan 2015 vore vertskommune for felles IKT-eininga for Etne og Vindafjord kommunar. Eininga har ansvar for drift og utvikling av Etne og Vindafjord kommune sine IKT system, og har 7 tilsette + 1 lærling.

Tabell 3: Identifiserte risikoområde knytt til sektorovergripande funksjonar

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar / moglege konsekvensar	Risiko
Organisasjon, økonomi og styring - Styring og kontroll - Målinnfriing - Bemanning	Etne kommune er ein relativt liten kommune, og det blir av fleire kommentert at kommunen difor kan bli svært avhengig av enkeltpersonar, noko som medfører ein viss sårbarheit. T.d. slutta økonomisjefen relativt nyleg, noko som har medført at kommunen framleis ikkje har avlagt fullstendig rekneskap for 2019. Vidare var kommunen lenge organisert i ein to-nivåmodell. Dette førte til at mange leiarar rapporterte direkte til rådmann/kommunedirektør, noko som gav utfordringar knytt til styring og kontroll. Kommunen er no på veg til å bli organisert i ein tre-nivåmodell. Ansvar for det meste av den kommunale verksemda er delegert til tre nye kommunalsjefar, medan mange av dei sektoroverskridande tenestene i kommunen framleis rapporterer direkte til den nye kommunedirektøren (tilsett 1. januar 2020). Fleire av kommunalsjefane er nytilsette. Den nye kommunedirektøren fortel om fleire grep som er tatt og skal bli tatt for å få betre kontroll med organisasjonen. Mellom anna har han innført eit årshjul der det skal rapporterast frå kommunalsjefane kvar månad, og ikkje berre kvart kvartal. Han fortel òg at det blir tatt grep for å betre budsjetteringsprosessane, t.d. knytt til periodisering, slik at styringsgrunnlaget for leiinga i kommunen blir betre. I tillegg vil det bli slik at kommunalsjefane skal ha budsjettansvar for sine område, noko som òg skal betre kontrollen.	- Omorganisering og ny leiing kan skape uro i organisasjonen - Dårlegare kvalitet i rapportering - Dårlegare kvalitet i tenestyting	
Saksførebuing og vedtaksoppfølging - System for å førebu politiske saker - System for å følgje opp politiske vedtak	Overordna blir det kommentert at forholdet mellom politikarane og administrasjonen fungerer godt, at dei fleste sakene er godt førebudd frå administrasjonen si side, og at vedtak frå politikarane i hovudsak blir følgt opp som dei skal. Det kjem likevel også fram at førebuinga av saker ikkje alltid er som den skal. Dette blir i det store og heile tilskriva at politikarar pressar på for å få saker på sakskartet før sakene er tilstrekkeleg utgreidd. Det kjem ikkje fram indikasjonar på at	- Saker blir ikkje tilstrekkeleg førebudd - Vedtak blir ikkje følgt opp	

administrasjonen ikkje har tilstrekkeleg kapasitet eller kompetanse til å utgreie saker tilfredsstillande, berre dei får tid nok.

Med omsyn til vedtaksoppfølging, blir det peika på at kommunen ikkje har noko ordentlege system for å sikre at vedtak som er fatta faktisk blir følgt opp i samsvar med politikarane sine forventningar. Det blir nemnd at praksis her er betre no enn det var før, men det kjem opp døme på at dei i administrasjonen som skal effektuere delar av eit vedtak ikkje får beskjed, fordi det ikkje er noko system på kven som får tilsendt vedtaka. Det blir òg nemnd i intervju at sokalla kulepunktvedtak i budsjetta ofte ikkje blir følgt opp av administrasjonen. Det blir uttrykt håp om at vedtaksoppfølginga skal bli betre med innføringa av nytt sak-/arkivsystem (sjå under).

I tillegg blir det opplyst at det tidvis blir fatta vedtak det ikkje er vanskeleg å følgje opp. Eksempel på dette er knytt til arbeid med vedlikehald, der det ikkje følgjer med løyvingar som gjer det mogleg å følgje intensjonen i vedtaka (sjå også om vedlikehald under seksjon 3.3).

Bemanning og
sjukefråvær

- Sjukefråvær
- Rekruttering

Etne kommune er IA-bedrift. Frå 2019 er det ny IA-avtale som mellom anna har som målsetting å redusere sjukefråværet med 10 % i høve til gjennomsnittet for 2018.

Sjukefråværet i Etne var i 2018 6,0 % mot 6,9 % i 2017 (ein reduksjon på 13 %). Sjukefråværet varierer til dels mykje mellom dei ulike einingane i kommunen. I årsmeldinga for 2018 er det ein barnehage med over 10 % sjukefråvær og einingar innanfor helse og omsorg md nesten 10 % sjukefråvær, medan det i nokre mindre einingar er lågt sjukefråvær (IKT med 2,1 % og økonomi med 1,7 %).

Det går fram av budsjettet for 2020 at utviklinga i første del av 2019 var negativ med 7,8 % i første kvartal og 7,2 % i andre kvartal.

I budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023⁹ går det fram at det er utfordrande for kommunen å rekruttere sjukepleiarar til pleie og omsorg. I andre tertialrapport for 2019 går det fram at arbeidsbelastninga i sektoren er så stor at ein står i fare for å ikkje klare å ivareta pasientar fagleg forsvarleg samt at tilsette kan blir sjukemeldt på grunn av sin arbeidssituasjon. I spørjeundersøkinga blir det peikt på at fleire einingar innanfor helse og omsorg har knappe ressursar og få leiarar som delar personalansvar for mange tilsette.

I intervju blir det òg peika på at kommunen tidvis har utfordringar med å rekruttere til visse stillingar, som t.d. innanfor planarbeid. Generelt blir det poengtert at kommunen er såpass liten at ein ofte blir avhengig av enkeltpersonar, noko som gjer det svært viktig å få rekruttert dei rette personane til dei rette stillingane.

- Høgare kostnader
- Mindre kontinuitet/stabilitet i tenestene
- Dårligare kvalitet i tenestene
- Manglande effektivitet og målinnfriing

⁹ Budsjett 2020 – økonomiplan 2020-2023 Tekstdel – rådmannen sitt framlegg

Informasjonstryggleik og IKT • Nye lovkrav knytt til informasjonstryggleik • Samarbeid med Vindafjord	Det nye personvernregelverket som tredde i kraft i 2018 stiller strengare krav til informasjonstryggleiken i kommunen enn kva som tidlegare var tilfelle, noko som medfører auka regulatorisk risiko. Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon av IKT og informasjonstryggleik i 2018. Det blir i intervju vist til at kommunen aktivt følgjer opp funna og tilrådingane i denne. Det blir i intervju også vist til at kommunen er i prosess med å finne ei anna løysing på kven som skal vere personvernombod. P.t. er dette leiar på tenestetorget, men dette er vurdert å ikkje vere heilt optimalt, så kommunen undersøker om det er mogleg å finne ei interkommunal løysing. I årsmeldinga frå 2018¹⁰ går det fram at kommunane ikkje har tatt ut potensiale med større samdrift i felles IKT-eining (EVIKT).	• Viktig informasjon blir mista eller sensitive data kjem på avvege • Brot på regelverk	
Innkjøp • Innkjøpssamarbeid • Innkjøpskompetanse • Rammeavtalar	Ansvaret for innkjøp ligg under økonomiavdelinga. Regelverket for offentlege anskaffingar er komplekst og stillar strenge krav til innkjøpar. Det er slik ein ibuande regulatorisk risiko på området. I datainnsamlinga går det fram at kommunen har hatt saker der entreprenørar opplever at kommunen har gjort feil. Det blir òg vist til at det blei inngått forlik mellom entreprenør og kommunen når det gjeld den nye sjukeheimen. I intervju blir det opplyst at det er tatt grep får å betre kommunikasjonen mellom kommunen og entreprenørane. Det blei gjort forvaltningsrevisjon av innkjøp i 2019, og kommunen er i prosess med å følgje opp tiltaka frå denne, mellom anna ved at det skal peikast ut eigarar for kvart innkjøp og for kvar kontrakt. Samtidig blir det peika på at sjølv om risikoen på området er redusert som følgje av dette arbeidet, er det framleis knytt risiko til innkjøp.	• Brot på regelverket • Kostnadsineffektive innkjøp • Økonomiske mislegheiter knytt til innkjøp	
Kontrakts- og leverandøroppfølging • Oversikt over kontraktar • Kontraktsoppfølging	Det blir i intervju vist til at kommunen har gjennomført og har pågåande relativt store investeringsprosjekt, men utan at det blir gjort noko systematisk oppfølging av kontraktane eller leverandørane. Det blir særleg peika på at kommune sitt påse-ansvar strekk langt, og at det er viktig å holde orden i eget hus når det kjem til oppfølginga av leverandørar og underleverandørar, både med omsyn til løns- og arbeidsvilkår, HMT og innbetalt skatt. Dette skjer ikkje eller berre i avgrensa grad i dag.	• Kontraktsbrot • Brot på arbeidsmiljølova • Brot på krav til tariff	
Internkontroll og kvalitetssystem • Tydeleg rolle- og ansvarsdeling • Rutinar og prosedyrar	Krav til kommunen sin internkontroll er styrka i ny kommunelov. Etne kommune sin nye kommunedirektør opplyser i intervju at internkontroll er eit satsingsområde. Kommunedirektøren opplyser at det allereie har blitt tatt en del grep for å betre internkontrollen i kommunen, mellom anna ved innføring av aksjonslistar for alle i	• Mangelfull internkontroll • Risiko for at rutinar ikkje oppdaterast i samsvar med regelverk	

¹⁰ Årsmelding 2018 – Etne kommune

• Avviksmelding • Rapportering • Forbetringsarbeid	leiargruppa, hyppigare rapportering (månadsvis, ikkje kvartalsvis), samt at alle kommunalsjefane har fått skriftlege ansvarsskildringar. I styringsmanual for Etne kommune går det fram at alle rutinar og prosedyrar er systematisert i kommunen sin kvalitetsportal og at avviksrapportering er ein del av kvalitetsportalen. Svar i spørjeundersøkinga tydar på at det innanfor nokre område i kommunen ikkje har tilstrekkeleg system og rutinar. Det blir kommentert at rutinar for arbeidsoppgåvene ikkje er tilstrekkeleg skriftleggjort eller ikkje eksisterer i det heile. Dette blir særleg kommentert innanfor pleie- og omsorg. Tilbakemeldingane i spørjeundersøkinga tyder òg på at ikkje alle er kjende med kvalitetssystemet i kommunen; det blir mellom anna etterlyst felles plattform for rutinar, noko kommunen har på plass (KF Kvalitet). Vidare blir det kommentert at manglande kapasitet og fører til «brannsløkking» i staden for systematisk kvalitetsarbeid. Det blir også kommentert at avvikssystemet fungerer godt, men at gjennomgang av avvik i større grad burde vere integrert del av den daglege drifta.	• Risiko for at rutinar ikkje er kjend og ikkje blir følgt
Offentlegheit og arkiv • Ny kommunelov • Kommunikasjon • Sak- og arkivsystem	I ny kommunelov er det eigne krav til kommunen si informasjonsplikt. Etne kommune har saman med seks andre kommunar på Hauglandet gått saman i eit fellesprosjekt om nytt arkivsystem. Haugesund kommune er prosjektleiar for prosjektet og prosjektleiar er tilsett frå EVIKT. I budsjettet for 2020 og økonomiplan 2020-2023 går det fram at dette er ein betydeleg eingongskostnad for kommunen. I intervju blir det peika på at det noverande sak-/arkivsystemet fungerer greitt, og at det ikkje er utfordringar knytt til arkivering, journalføring, postliste eller møteinnkalling og kalenderfunksjon. Det blir likevel òg peika på at nytt sak-/arkivsystemet forhåpentlegvis skal bidra til å betre vedtaksoppfølginga i kommunen (sjå seksjon 3.1).	• Redusert tillit i befolkninga • Regelbrot • Tap av arkivmateriale
Berekraft, miljø og klima • Ivaretaking av klima- og miljøomsyn i utvalde delar av kommunen eller i kommunen som heilskap • Planverk	Klima er omhandla i kommunen si overordna ROS-analyse frå 2019 (politisk handsama i april 2020). Her går det fram at kommunen må førebu seg på store endringar i klimaet, t.d. som lenger tørkeperiodar, vinterflaum, høgare havnivå, ras, auka nedbør, mv. I budsjett for 2020 er det fatta vedtak om at kommunen innan 2022 skal oppdatere klimaplanen og at denne skal vere i samsvar med FN sine mål for berekraft. Gjeldande energi- og klimaplan er for perioden 2011-2016.	• Manglande etterleving av krav i lov og regelverk • Manglande planar på området

3.2 Oppvekst og kultur

I Etne kommune har kommunalsjef for oppvekst og kultur ansvar for kultur, PPT, SLT, barnevern, barnehage og skule. Det er to skuler og tre barnehagar i kommunen. Barnevernstenesta i Etne kommune er felles med Vindafjord kommune. Tenesta løyser den lovfesta akuttoppgåva (barnevernsvakta) utanfor kontortid saman med Tysvær og Sveio. Vindafjord kommune er vertskommune for felles PPT for Etne og Vindafjord. Dei tilsette har kontorstad på rådhuset i Vindafjord kommune.

Tabell 4: Identifiserte risikoområde knytt til oppvekstområdet

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Barnevern • Utgifter • Mangel på fosterheimar • Bemanning og høgt arbeidspress	I årsmeldinga frå 2018 blir det opplyst at Etne og Vindafjord sin barnevernsteneste har opplevd ein sterk vekst i aktivitet dei siste åra, samtidig som tenesta berre i kortare periodar har hatt full bemanning. Det har tidvis vore høgt fråvær blant dei tilsette i barnevernstenesta. Dette skuldast dels fråvær knytt til lovfesta omsorgspermisjon og dels periodevis høgt sjukefråvær. Det har derfor vore utfordrande å halde fristen for undersøkingar. I 2018 hadde 28 % av undersøkingane i barnevernet behandlingstid på under tre månader. I kommunegruppa var tilsvarande tal 81 %. Ein plan vart lagt for arbeidet i 2018 og tiltaksperioden blei sett mellom til første kvartal 2019. Etter denne perioden skal barnevernet løyse oppgåvene innanfor fristen som er sett i lova. I 2019 hadde 62 % av undersøkingane sakshandsamingstid innan 3 månader (tilsvarande for kommunegruppa var 86 %). I Bufdir sin kommunemonitor går det fram at 83,3 % at barna i barnevernet i Etne har hjelpetiltak med tiltaksplan, mot 92,8 % av fylket. Av tiltakssakene er det omlag 10 % som står for 80 % av utgiftene. Det blir arbeidd med å få til eit system og ein rapportering som kan vere grunnlag for ein betre prognose på framtidige kostnader. I 2018 hadde Etne 3,5 årsverk med fagutdanning per 1 000 mindreårige, mot 4,4 i kommunegruppa. Fylkesmannen hadde tilsyn av barnevernet i Etne i 2018. Avvika frå tilsynet skal vere lukka innan 2020 i følgje ein orientering frå barnevernsleiar.	• Manglande etterleving av regelverk • Kostbare tenester • Mål som ikkje blir nådd • Barn som ikkje får sikra rettane sine	
Tilpassa opplæring og spesialundervisning • Kvalitet • Kompetanse • Bemanning • Sakshandsaming • Tidleg innsats	I årsmeldinga for 2018 går det fram at det dei fire siste åra har vore ein reduksjon i talet på elevar som får spesialundervisning i Etne. Det vil seie at fleire elevar får opplæringa si innan ordinær opplæring. På fem år har del av elevar med vedtak om spesialundervisning gått frå 14 % til 8,9 %. Samtidig viser tal frå KOSTRA at det blir gjennomført noko fleire årstimar per elev med spesialundervisning samanlikna med andre kommunar i KOSTRA-gruppe 2. Delen som mottek spesialundervisning er noko høgare enn elles i kommune-Norge. Tala under viser korleis Etne scorar i forhold til kommunegruppa: • På småtrinnet mottek 6,5 % spesialundervisning, mot 7,4 % i kommunegruppa • På mellomtrinnet mottek 12,8 % spesialundervisning, mot 11,8 % i kommunegruppa • På ungdomstrinnet mottek 12,7 % spesialundervisning, mot 11,9 % i kommunegruppa	• Brot på regelverk • Ikkje tilfredsstillande oppfølging	

I intervju med ansvarleg kommunalsjef blir det peika på at tala for spesialundervisning i Etne kommune er altfor høge, og at det er stort fokus på dette området i kommune. Det blir òg vist til visse samarbeidsutfordringar mellom skulene og PPT, samt at det har vore ein vedtakspraksis i kommunen på dette området der det blir innvilga spesialundervisning i fleire år om gangen.

Det kjem vidare fram at PPT har svært høgt arbeidspress knytt til undersøkingar, noko som har konsekvensar for systemarbeidet dei skal gjere.

For å redusere spesialundervisning er ein avhengig av å kunne inkludere flest mogleg i ordinær undervisning gjennom å tilpasse opplæringa. I spørjeundersøkinga blir det stilt spørsmål om barna får nødvendig tilpassa opplæring og om det er budsjettressursar nok til dette.

Barnehage • Kapasitet og kompetanse • Pedagognorma	Det er to offentlege og ein privat barnehage i kommunen. Data frå kommunebarometeret viser at 35 % av dei tilsette i kommunale barnehagar har pedagogisk utdanning, i kommunegruppa er snittet 38,6 %. Private barnehagar har noko lågare bemanning enn elles i kommunegruppa (6,3 mot 5,9 born per årsverk i grunnbemanninga). Utdanningsdirektoratet sin statistikk viser at to av dei tre barnehagane i Etne oppfyller pedagognorma, medan den siste oppfyller pedagognorma med dispensasjon.¹¹ I SSB si framskriving av fødselstal i Etne kommune viser om lag 50 born pr. år, noko som historisk svarar til eit «normalt» årskull i Etne. I årsmeldinga går det fram at dersom nokre år har «fødselstoppar» over dette nivået vil dei tre barnehagane i Etne klare å handtere dette. 62 % av minoritetsspråklege born i Etne gjekk i barnehage sist år i følgje data frå kommunebarometeret. I kommunegruppa er dette talet 82 %. Det blir i intervju gjennomgåande vist til at barnehagane i kommunen fungerer bra, men at det har vore noko samarbeidsutfordringar mellom éin av dei og PPT.	• Ikkje tilstrekkeleg gode tenester • Utfordringar i samhandlinga med andre tenester
Kvalitet i skulen • Budsjett • Bemanning • Digitale dugleikar • Resultat	Det er pr. 31.12.2018 to skular i Etne kommune. Skuleåret 2019-2020 er det til saman 506 elevar på skulane i Etne. I budsjettet for 2020 går det fram at driftsutgifter til grunnskulen er i underkant av kommunegruppa, men over landsgjennomsnittet. I kunnskapsløftet er digitale dugleikar ein av dei fem grunnleggjande dugleikane i kunnskapsløftet og skal integrerast i alle fag. I årsmeldinga for Etne 2018 går det fram at Etne kommune ikkje har godt nok utstyr og mange nok maskiner til å oppfylle kunnskapsløftet. Kommunen har i 2019 budsjettert med midlar til 1:1 (ein Ipad til kvar elev) frå 2019. Det skal også ha blitt gjennomført opplæring av personalet i 2019.	• Brot på regelverk • Ikkje tilstrekkeleg kvalitet i tenestene

¹¹ Dette betyr at barnehagen har tilstrekkeleg med årsverk til pedagogiske leiarar når man inkluderer pedagogiske leiarar med dispensasjon frå utdanningskravet.

	I følge tal frå utdanningsdirektoratet har begge skulane i Etne bemanning innafor lærarnorma (15 elevar per lærar for 1.-4 trinn, og 20 elevar per lærar på 5.-7. og 8.-10. trinn). For skuleåret 2018-2029, var skulebidraget i Etne kommune noko over forventa nivå på trinn 1.-4., litt under forventa nivå på mellomtrinnet (5.-7.), og litt over igjen for ungdomstrinnet (8.-10.). Resultata frå dei nasjonale prøvane, viser at elevane på 5. trinn har eit meistringsnivå innanfor engelsk, lesing og rekning som er relativt jamt med det nasjonale snittet (berre mindre avvik), og ein del over for ungdomstrinnet sett under eitt. Det kjem ikkje fram indikasjonar i intervju eller elles på at det er særlege utfordringar knytt til kvaliteten i skulen i Etne.	
Trygt og godt skulemiljø - Nytt regelverk - Trivsel	Det blei gjort endringar i opplæringslova frå 1. august 2017 (kap. 9 A) som mellom anna inneber skjerping av skulen og tilsette sine plikter når det gjeld å fange opp og undersøke tilfelle der det er mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Elevane på 10. trinn i Etne trivst dårlegare enn i kommunegruppa (80 % mot 84 % dei siste fem åra). I budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 blir det opplyst at talet elevar som opplev mobbing på skulen har auka og at kommune ikkje er i mål med arbeidet med å forhindre mobbing. Ansvarleg kommunalsjef fortel i intervju at kommune har utfordringar med å sikre eit trygt og godt skulemiljø for alle, og at dei har tatt nokre grep for å betre situasjonen. Mellom anna skal det no vere fleire vaksne ute i friminutta, og dei skal jobbe førebyggjande med dette, t.d. knytt til å øve på sosialt samvær i barnehagane.	- Barn og unge som ikkje opplever eit trygt og godt skulemiljø - Brot på regelverk
Samarbeid om tenester til born og unge - Samhandling på tvers av ulike tenester til barn og unge - Kapasitet og kompetanse - Førebygging og tidleg innsats	I desember 2016 fekk Etne kommune kr. 500 000 i støtte frå Bufdir til å starte opp eit prosjekt for tverrfagleg samarbeid (BTI). Prosjektet er eit samarbeid mellom 10 kommunar på Haugalandet og prosjektperioden er tenkt over seks år. I Etne er samhandlingsmodellen tilpassa noko, og blir kalla «Bli Z». Tilsette i barnehage, skule, helse, PPT, barnevern, politi og NAV har blitt kursa i eit samhandlingsverktøy som høyrer med i satsinga. I intervju viser ansvarleg kommunalsjef til at samarbeidet innafor tenestene til born og unge fungerer svært bra, forutan at PPT er pressa på kapasitet, og den eine nemnde barnehagen der samarbeidet ikkje fungerer so bra. Det er stort fokus på å tidleg innsats, noko som gjeld både i skule og barnehage.	- Brot på lov- og regelverk - Ikkje tilstrekkeleg koordinerte tenester - Fangar ikkje opp barn med behov for tidleg innsats

Kultur • Kulturbudsjett • Breidde i tilbodet	Kulturskulen har 91. elever pr. 1. oktober 2019. Dette er halvert sidan 2009, og det er eit mål for kulturskulen er å snu denne utviklinga. Det går fram i årsmeldinga for 2018 at eininga for kultur har eit stort etterslep når det gjeld planarbeidet. Dei neste 1-2 åra skal det blir utarbeidd kommunedelplanar for kultur, for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet samt for kulturminne. Det manglar òg rammeplan for kulturskulen. Dette blir også kommentert i spørjeundersøkinga der det blir òg kjem fram at eininga har eit stort etterslep på planar – dels på grunn av tidlegare vakansar og langvarig sjukmelding i leiinga. Skakkesenteret har dei siste åra hatt økonomiske vanskar. Det går fram i årsmeldinga at framtidig drift av senteret er viktig for kultur- og idrettsarbeidet i Etne. I budsjettet for 2020 går det fram at kommunen i 2019 betalte eit garantibeløp for å redde senteret frå konkurs (30 mill). Tal frå kommunebarometeret viser at Etne brukar noko mindre pr. innbyggjar til aktivitetstilbod til barn og unge, men har høgare netto driftsutgifter til idrett og idrettsanlegg per innbyggjar. Samtidig har ein lågare del som går til kommunens musikk- og kulturskule, færre timar per elever og ein mindre del av det totale kulturbudsjettet blir overført til frivillige sektor samanlikna med kommunegruppa. I spørjeundersøkinga blir det peikt på at det er lite vilje til å bruke pengar på kultur i kommunen og at ein ser behov for meir midlar til det lokalhistoriske i kommunen.	• Mangelfullt fritids- og kulturtilbod til barn og unge
--	--	---



3.3 Utvikling og drift

I Etne kommune har kommunalsjef for utvikling og drift med ansvar for drift, utvikling, plan, byggesak og folkehelse.

Frå 1. juli 2018 er mykje av den operative beredskapen knytt til redning og brann ivaretatt av Haugalandet Brann og Redning IKS (HBRE).

Tabell 5: Identifiserte risikoområde knytt til utvikling og drift

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Vedlikehald av kommunale bygg - Etterslep på vedlikehald - Klima og miljø - CO2 utslepp	Det går fram i budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 at vedlikehald av kommunal eigedom har vore nedprioritert over fleire år. Dette skuldast i hovudsak at det ikkje har vore midlar til dette i budsjettet. Kommunen er samtidig i ein prosess rundt sal av kommunal eigedom, men det er utfordrande å få store inntekter frå dette. I spørjeundersøkinga blei det kommentert at det blir gjort vedtak innanfor denne sektoren som strider mot regelverket, utan at det er nærare forklart kva som er meint med det. Vidare blir det i intervju vist til at det blir gjort vedtak knytt til t.d. vedlikehald utan at det følgjer med tilstrekkelege løyvingar. Ansvarleg kommunalsjef fortel at det er eit visst vedlikehaldsetterslep i Etne kommune, og at dette kan ha konsekvensar for inneklimaet no, og for kostnadsnivået seinare. Det kjem òg fram mistanke om at støynivået i ein av barnhagane truleg er for høgt, og at dette bygget har behov for vedlikehald.	- Regelbrot - Dårleg kvalitet i tenesta - Høge kostnader seinare	
Planarbeid - Kapasitet - Rekruttering - Forseinka planar	Det blir i intervju opplyst at planavdelinga har hatt utfordringar med få fast tilsette og høg <i>turnover</i> av vikarar (det er om lag tre årsverk i kommunen som jobbar med planarbeid). Dette har medført eit vesentleg etterslep på planarbeidet. T.d. har kommunen starta arbeidet med ny arealplan fleire gonger, utan at dei har kome i mål. Dette har bidratt mellom anna til det relativt høge talet dispensasjonar (sjå om <i>Byggesak</i> under). Gjeldande kommuneplan er frå 2007, og arealplanen er frå 2003. Det er no fast tilsette planleggarar i avdelinga, og det blir i fleire intervju peika på at dette reduserer risikoen for manglande planverk framover. Likevel er det framleis eit etterslep på planarbeidet, og det kan ta lang tid før kommunen ar å jour med dette arbeidet. I årsmeldinga for 2018 går det fram at 8 reguleringsplanar då var under handsaming, men ikkje klare. Ifølgje KOSTRA blei det vedtatt éin reguleringsplan i 2018. Tilsvarande tal for 2019 var fire.	- Brot på regelverk - Omdømetap - Redusert tillit i befolkninga	
Byggesak - Oversikt over saker - Sakshandsamingstid - Service og rettleiing	Det går fram i kommunalplanstrategi 2016-2020 at ei målsetning for kommunen er å legge til rette for busetting i alle bygdene i kommunen og at Etne kommune har mellom 150 og 200 ledige bustadareal.	- Brot på regelverk - Omdømetap ved feil i saksbehandling	

I følgje årsmeldinga frå 2018 har dei siste åra vore ein merkbar nedgang i talet på saker, men sakene er ofte meir kompliserte og tidkrevjande enn tidlegare. Kommunen har ca. 2,5 stillingar knytt til byggesaker.

Som vist i tabellen under har Etne ein vesentleg lenger gjennomsnittleg saksbehandlingstid for byggesøknader med 12 veker frist enn kommunegruppa, og dispenserer langt oftare frå plan enn kommunegruppa. Sistnemnde blir i intervju dels forklart med at arealplanen er gamal (frå 2003), og dels med at det er politisk viktig i kommunen å leggje til rette for at folk blir buande.

	Etne	Kommunegruppa
Gjennomsnittleg behandlingstid (3 veker)	14 dagar	14 dagar
Gjennomsnittleg behandlingstid (12 veker)	59 dagar	28 dagar
Del innvilga byggesaker dispensasjon frå plan	30 %	19 %

Det blir i intervju vist til at det i nokre tilfelle tar svært lang tid før ein får godkjent byggesaker, og vidare at rettleiinga frå og kommunikasjonen med den aktuelle avdelinga ikkje alltid er som det skulle vore.

Beredskap

- Planverk, rolle- og ansvarsdeling

I overordna ROS for Etne kommune frå 2019, er det gjort inngåande analysar av beredskapen i kommunen knytt til ulike scenario, både med omsyn til ulykker, infrastruktur, natur (inkl. pandemi, flaum, etc.), og vilja handlingar (hacking, gissel, osv.).

Det blir i intervju peika på at Etne viste seg å ha ein god beredskap i samband med den pågåande pandemien. Kommunen var godt førebudd, hadde fungerande krisestab, og godt med smittevernustyr.

I kommunal planstrategi for Etne kommune 2016-2020 går det fram at beredskapsplanen til kommunen skal oppdaterast og reviderast minst ein gong årleg. Det går ikkje fram om dette har blitt gjort.

Etne er ein del av Haugaland brann og redning IKS saman med åtte andre kommunar. Haugesund kommune har vedteke å trekkje seg frå samarbeidet (frå 2020), noko som har ført til ein del uro. Det blir òg fortalt at Sveio kanskje skal trekkje seg frå samarbeidet. Vidare kjem det fram at det er pågåande ein sak internt i selskapet, der det er sendt bekymringsmeldingar knytt til leiarskapen. I intervju blir det understreka at dette ikkje skal ha konsekvensar for beredskapen.

- Manglande etterleving av krav i lov og regelverk
- Dårleg beredskap



Næring og landbruk

- Planverk, rolle- og ansvarsdeling
- Sakshandsaming

Det kjem fram i intervju at kommunen har etablert fleire formelle kontaktpunkt med næringslivet, og har ein relativt aktiv satsing for å leggje til rette for auka næringsverksemd i kommunen.

- Brot på regelverk
- Omdømetap
- Redusert tillit i befolkninga



Det blir t.d. peika på at kommunen er med i Fikse næringsutvikling SA, Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS, Haugaland vekst IKS, og nyleg òg har blitt medeigar i Medvind24 Næringshage AS. Dette er alle selskap som på ulikt vis skal bidra til auka næringsverksemd.

Likevel blir det peika på at det har vore lite systematikk i dette arbeidet, og at kommunen manglar oversikt over næringslivet og kva behov som finst som kommunen eventuelt kan bistå med.

Det blir òg fortalt i intervju at landbrukseininga i kommune ikkje alltid fungerer slik den skal. Det blir nemnd døme på situasjonar der bønder ikkje får den rettleiinga og hjelpa som trengs opp mot t.d. Innovasjon Norge, samt situasjonar der råda frå kommunen ikkje har vore korrekt. Vidare kjem det fram at det på dette området som elles i kommunen er utdaterte planar (landbruksplanen er frå 2005, og skogbruksplanen frå 1999). I samband med skogbruk, blir det òg fortalt at matrikkelen i kommunen ikkje alltid stemmer heilt, noko som har medført ein del uro og nokre konflikhtar.

Då Etne er ein relativt stor landbrukskommune, er det viktig at rettleiinga, saksbehandlinga og planverket for næringa fungerer bra og er oppdatert.

3.4 Helse og omsorg

Kommunalsjef for helse og omsorg i Etne kommune har ansvar for helse, pleie og omsorg, tenestekontoret for helse- og omsorgstenester. I tillegg er Etne kommune knytt til ei rekke interkommunale samarbeid på dette området:

- Miljøretta helsevern, der Sauda er vertskommune
- NAV, der Vindafjord er vertskommune.
- Interkommunal legevakt i samarbeid med Vindafjord kommune. Denne er lokalisert i Ølen i Vindafjord kommune.
- Legevaktstelefon med Haugesund kommune (VESS-Haugesund)
- Krisesenter Vest IKS (for Haugesund og omegn)

Det går fram i dokumentasjonen frå Etne kommune at pleie- og omsorgseininga blei omorganisert i 2018. Det blei utarbeidd nye turnusar, ny driftsform med nye strukturar og eininga flytta inn i nytt omsorgssenter med ny teknologi. Pleie- og omsorgseininga fekk ny leiling på same tid som ein gjennomførte organisasjonsendringa. Tenestene innan pleie og omsorg har gjennomgått ei stor endring der ein har gått ifrå å drive integrerte tenester, til å drive rein institusjonsdrift og rein heimeteneste.

Tabell 6: Identifiserte risikoområde knytt til helse og sosial

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/ moglege konsekvensar	Risiko
Bemanning • Kapasitet • Kompetanse • Behov • Vikarbruk	I årsmeldinga frå 2018 går det fram at hjelpepersonalet på legekontoret har meldt om stor arbeidsbelastning og det har vore noko sjukefråvær som dels kan relaterast til dette. Også i intervju med vedkomande kommunalsjef, kjem det fram at helse- og omsorgssektoren i kommunen tidvis har slitt med høgt sjukefråvær, dels som følgje av høgt arbeidspress. Dette har vidare medført auka bruk av vikarar, med tilhøyrande auka kostnader. Vidare kjem det fram at kommunen har store utfordringar med å skaffe sjukepleiarkompetanse. Det har vore naudsynt å leige inn frå vikarbyrå, og dette omfanget svarer til omlag 2,3 millionar i 2018. Det har også vore utfordrande for vikarbyråa å finne nok sjukepleiarar. Kommunen har vedtatt ein rekkje tiltak for å sikre sjukepleiarkompetanse i Etne kommune – mellom anna at fagarbeidar og sjukepleiarar med minst 50 % skal få eit stimuleringstilskot frå kr. 900-1500 kroner per vakt for å ta ekstravakter på kveld og helg. Sektoren manglar likevel fagpersonell, og dei klarar ikkje å refinansiere meirkostnaden innanfor eige budsjett slik planen er. I økonomiplanen blir det kommentert at dette ikkje legg til rette for ein heiltidskultur, då det berre gir utteljing for dei som har deltidstillingar.	• Regelbrot • Dårlig kvalitet i tenesta	
Pleie og omsorg • Planlegging og budsjett • Rapportering • Heimebuande eldre • Reformar og nye ansvarsområde	I årsmeldinga for 2018 var eit særskilt krevjande år for omsorgssenteret i kommunen grunna omorganiseringa, innflytting i nybygg, nye leiarar og stort press på tenestene. Det har og vore svært vanskeleg i periodar å dekke opp ledige vakter grunna sjukdom, vikariat, vakansar, ekstra innleige og utbrot av Norovirus. Data frå kommunebarometeret viser at 67 % av bebuarane i institusjon i Etne har omfattande bistandsbehov. Dette er lågt i forhold til kommunegruppa (81 %), og kan	• Regelbrot • Dårlig kvalitet i tenesta • Budsjettoverskriding	

- Forsvarleg drift indikere at det er fleire bebuarar på institusjon som heller kunne budd heime og mottatt bistand der.
- Dette bildet blir styrka ved at dei som har heimesjukepleie i Etne kommune i snitt har tildelt 3,8 timar i veka, mot 4,26 timar i kommunegruppa timar. Etne scorar også lågare enn kommunegruppa på indikatorar for heimetenester som levering av mat, trykkleiksalarmar og tal på vedtak om dagaktivitet til heimebuande med demens, samt på mottakarar av BPA, støttekontakt og omsorgslønn per 1 000 innbyggjar (4,4 i Etne mot 12,6 i kommunegruppa).
- I intervju med kommunalsjefen blir det sagt at alle som no bor på institusjon har behov for det, men at ein del av dei som fekk innvilga institusjonsplass for nokre år sidan kanskje kunne blitt buande heime ein stund til. I dag opererer kommunen med ventelister på institusjon, då det ikkje er tilstrekkeleg sengeplassar for alle med vedtak om rett på institusjonsplass.
- I intervju blir det gjennomgåande vist til at situasjonen innanfor pleie og omsorg er og har vore utfordrande. Det kjem t.d. fram opplysningar om personalkonfliktar i sektoren, og vidare at ein ikkje klarar å nå budsjettmåla, og ikkje har klart det på mange år. Det blir sagt at dette kan tyde på at «kart og terreng» ikkje stemmer overeins.
- Kommunedirektøren opplyser at det skal bli tatt grep knytt til planlegginga, budsjetteringa og rapporteringa i denne sektoren for å få bukt med overskridingane og sikre eit forsvarleg tilbod til dei som treng det.
- I spørjeundersøkinga blir det kommentert at det er stort press på institusjonstenesta med få plassar, noko som medfører at ein ikkje klarar å gi alle innbyggjarane som har behov for det plass ved institusjonen. Det blir vidare kommentert at kommunen har brukt om lag 1 million kroner på liggedøgn ved sjukehus i 2019. Dette fører også til eit press på heimetenesta, der løysing har vore å bruke kostnadskrevjande vikarbyrå pga. manglande kapasitet.
- Tal frå kommunebarometeret viser at Etne hadde 17 liggedøgn i 2016, 119 i 2017 og 51 døgn på sjukehus for utskrivingsklare pasientar per. 10 000 innbyggjar. I kommunegruppa er talet 55.
- Pleie og omsorg blir føreslått som tema for forvaltningsrevisjon av fleire.

Tenestekontor • Sakshandsaming • Etterleving av rutinar og regelverk • Tildeling av tenester	I økonomiplanen for 2020-2023 går det fram at det er behov for planlegging og utvikling av bestillar-kontor felles for pleie og omsorg og eining helse for å auke kompetanse og betre kvalitet på sakshandsaming. Dette skal òg bidra til å betre situasjonen i pleie- og omsorgssektoren generelt. I spørjeundersøkinga blir tildelingspraksis innanfor helse og omsorg foreslått som tema for forvaltningsrevisjon. Ansvarleg kommunalsjef seier i intervju at alle som bur på institusjon	• Redusert tillit blant brukarar, pårørande og tilsette • Brot på regelverk
---	--	--



	har behov for det, men at ikkje alle med vedtak om plass får plass. Kommunen operer med andre ord med ventelister på institusjonsplassar (sjå også over).	
NAV/Sosiale tenester • Høg arbeidsløyse • Forseinka rapportering • Unge brukarar av sosiale tenester	Arbeidsløysa i Etne har vore mellom 1,4-2 % dei siste åra. Ledigheita gjekk marginalt ned frå 2017 til 2018, frå 1,8 til 1,6 %. Delen mottakarar av økonomisk sosialhjelp i alderen 18-24 år i 2018 var i Etne 8,2 %, mot 7,2 % i kommunegruppa. Tilsvarende for aldersgruppa 25-66 år var 6,67 %, mot 5,2 % i kommunegruppa. Gjennomsnittleg stønadslenge for mottakarar i aldersgruppa 18-24 var i Etne 3,5 månader mot 3,8 månader i kommunegruppa. Tilsvarende for aldersgruppa 25-66 år var 5,1 månader, mot 4,4 månader i kommunegruppa. I Etne har utbetalingar til sosialhjelp auka dei siste åra. 42 % av mottakarane går på stønad i over 6 månader, som er høgare enn kommunegruppa (30,1 %). Etne kommune tilsette i 2018 ein arbeidsleiar for å oppfylle aktivitetsplikt for mottakarar av sosialhjelp.	• Høge kostnader • Budsjettoverskriding • Mangelfulle tenester til unge brukarar 
Psykiske helse- og rustenesta	I følgje årsmeldinga for 2018 hadde tenesta 124 henvendingar i 2018 og 104 aktive brukarar av tenesta. I årsmeldinga frå 2018 går det fram at det har vore lite kapasitet til utvikling av arbeidet med einskildvedtak etter helse og omsorgstenestelova. Det går fram i økonomiplan for 2020-2023 at ein har hatt ei 100 % vakant stilling innanfor rusomsorg i ein periode, og at dette førte til auka arbeidspress på andre stillingar som dagaktivitetstilbod, spesialsjukepleiar og miljøarbeidar. Kommunen har derfor lyst ut stillinga i 50 %. Etne hadde 3,9 årsverk av psykiatriske sjukepleiarar per 10 000 innbyggjarar i 2016 og 1,4 i 2017. Det går ikkje fram data for Etne i 2018. Snittet for kommunegruppa var 5,8 årsverk per 10 000 innbyggjarar i 2018. I intervju med ansvarleg kommunalsjef blir det peika på at kommunen har vanskar med å etterleve lovkravet om å knyte til seg kommunal psykolog i 2020. Dei har lyst ut delt stilling med Vindafjord, men ikkje fått nokon søkjarar.	• Brot på regelverk • Mangelfullt tilbod til personar med utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse 
Tenester for funksjonshemma	Det kjem fram opplysningar om at det har vore utfordrande å rekruttere støttekontaktar i målgruppa for brukarane i kommunen. I følgje årsmeldinga frå 2018 er det stadig behov for å etablere fleire bustadar med heildøgnbemannning. Det har lenge vore behov for dette og kommunen har hatt søknadar om heildøgnteneste som ikkje har blitt innvilga fordi det ikkje har vore ledig bustad med heildøgnbemannning.	• Brot på regelverk • Mangelfullt tilbod 

4. Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoar i kommunen sine selskap

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon, presenterer vi i denne seksjonen risikoar knytt til selskapa der kommunen har eigarskap. Vurderinga er gjort med særleg fokus på følgjande forhold:

- risiko for at selskapet ikkje driv i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,
- risiko for at selskapet ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.

I tillegg til ei konkret risikovurdering vil det også vere viktig å vurdere selskapa ut i frå kor vesentlege dei er for kommunen (vesentleganalyse). To overordna perspektiv kan leggjast til grunn for ei slik vurdering:

- fokus på brukarperspektivet/samfunnsnyttan
- fokus på økonomiske interesser for kommunen

På bakgrunn av desse forholda har revisjonen utleia følgjande kriterium for vesentleganalysen, som kan vere til hjelp når kontrollutvalet skal prioritere kva selskap som skal vere gjenstand for forvaltningsrevisjon:

1. selskap der det er avdekka moglege risikoforhold
2. selskap med berre offentleg eigarskap
3. selskap som har eit samfunnsmessig ansvar
4. selskap som har direkte tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar
5. selskap som leverer verksemdskritiske tenester til kommunen
6. selskap som er heileigd av kommunen
7. selskap der kommunen har omfattande eigarinteresser i tal aksjar (fleirtal) eller stor økonomisk del av aksjekapitalen
8. økonomisk gevinst/tapspotensiale for kommunen
9. etikk og omdøme

Etne kommune har ni selskap som er deleigd med kommunar og/eller fylkeskommunar og 14 selskap som er deleigd med private eller statlege aktørar. Selskapa/samarbeida vil bli presentert i tabellar under. Informasjonen i tabellane er i hovudsak basert på opplysningar henta frå Bisnode Smartcheck, Proff, kvart enkelte selskap sine nettsider, oversendt dokumentasjon frå kommunen og informasjon som er kome fram i undersøkinga. Der det har kome fram opplysningar som tyder på at det er risiko knytt til eigarskapet eller drifta i selskapet, vil dette kommenterast. Det vil òg bli kommentert om det dei siste åra har blitt gjennomført selskapskontroll av selskapet, og – der det er relevant – om eventuelle kommunesamanslåingar blant andre eigarar har vesentlege konsekvensar for enten selskapet eller for eigarskapet til Etne kommune.

Selskapa blir presentert i to tabellar. Den første inneheld selskap som kommer inn under kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Dette er aksjeselskap og interkommunale selskap som er heileigd av kommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar. Desse selskapa har Etne kommune full innsynsrett i og kan gjennomføre forvaltningsrevisjon og eigarskapskontrollar av.

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap der kommunen har eigarskap, men som ikkje kjem inn under innsynsretten etter kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Dette er ofte aksjeselskap med innslag av private eller statlege eigardeler eller samvirkeføretak. Kommunen kan likevel gjennomføre avgrensa forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar, t.d. med omsyn til i kva grad selskapet opptre i tråd med eigarane sin intensjon, om val og opplæring av styrerepresentantar skjer etter kommunen sine reglar og rutinar, om rapporteringa frå selskapet samsvarar med retningslinjer mv. Kontrollutvalet kan også be styret i eit selskap om å få fullt innsyn dersom det er ønskjeleg å gjere fullverdig forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll.

4.1 Selskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10

Øyane Asvo AS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 50 %	Føremålet til selskapet er attføring og/eller sysselsetjing for yrkeshemma som elles har problem med å få arbeid på den ordinære arbeidsmarknaden. Verksemda skal ikkje gje aksjonæranne økonomisk utbytte. Alt overskot skal koma attføringsverksemda til gode.		
Nøkkelpunkt	Vindafjord og Etne kommune eig kvar 50 % av Øyane Asvo AS.		
- Omdøme - Etikk - Direkte tenestetilbod til innbyggjarane - Samfunnsansvar - Delt offentleg eigarskap	Nøkkeltala viser at verksemda har ein stabil økonomi dei siste tre åra, kor både eigenkapital og inntekter har auka. Likviditeten har derimot ikkje vore tilfredsstillande nokon av åra. Verksemda har aksjar i to selskap, IMS Kjeden AS (1,04 %) og Etne Elektrisitetslag (1,05 %), som ikkje kjem inn under kommunelova §§ 23-6 og 24-10.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	930	640	584
Inntekter	17 046	16 681	14 876
Resultat før skatt	290	56	534
Likviditet	1,05	0,91	1,24
Soliditet	5,89 %	3,62 %	3,52 %

Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 12,5 %	Føremålet med selskapet er interkommunalt samarbeid på generell basis med særleg vekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsarbeid. Selskapet skal ta opp saker som kan fremja utviklinga av Sunnhordland, og leggja dei fram til drøfting og utgreiing.		
Nøkkelpunkt	Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS er eigd av kommunane Kvinnherad, Etne, Tysnes, Fitjar, Austevoll, Stord, Sveio og Bømlo. Kommunane har ein eigardel på 12,5 % kvar.		
- Omdøme - Delt offentleg eigarskap	Eigenkapitalen og inntektene har vore noko stigande dei siste åra, og nøkkeltala synar at drifta av verksemda generelt sett er solid.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	1949	1652	1494
Inntekter	3 870	3 664	3642
Resultat før skatt	297	157	309
Likviditet	11,41	9,08	8,53
Soliditet	28,52 %	29,05 %	26,57 %

Haugaland vekst IKS			
Selskapet sitt føremål	Selskapet sitt føremål er på vegne av deltakarkommunane å drive nærings- og regionalutviklingsarbeid som elles normalt ville bli utført av kommunane sjølv, dvs. samarbeid for å fremje og utvikle Haugesundregionen samt relevant lokalt næringsarbeid, i samsvar med avtale med den enkelte deltakarkommune.		
Eigardel: 9,09 %			
Nøkkelpunkt	Nøkkeltala viser at selskapet har hatt ein solid drift dei siste tre åra. Verksemda er eigd av 10 kommunar og Rogaland fylkeskommune, kor alle har 9,09 % eigardel kvar.		
• Omdøme • Delt offentlig eigarskap	Selskapet har eit heileigd dotterselskap, Lufthavndrift AS (100 %), som fell under kommunelova §§ 23-6 og 24-10.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	6 347	6 588	6 581
Inntekter	15 647	16 892	16 512
Resultat før skatt	366	234	346
Likviditet	1,93	2,09	2,26
Soliditet	48,26 %	52,51 %	56,32 %

Haugaland interkommunale miljøverk IKS			
Selskapet sitt føremål	Selskapet sitt føremål er å utføra kommunane sine oppgåver innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam, og arbeidsoppgåver som høyrer naturleg saman med desse oppgåvene. Selskapet overtek såleis oppgåver som kommunane etter lova kan overlate til selskapet innfor desse områda, og som skal betalast av renovasjons- og slamgebyret.		
Eigardel: 8,5 %			
Nøkkelpunkt	Største eigar i verksemda er Haugesund kommune (57,50 %). Det er fire andre kommunar med eigardel. HiM gjekk i underskot i 2016 og har hatt varierende resultat dei påfølgjande åra. Likviditeten og eigenkapitalen er solid.		
• Omdøme • Samfunnsansvar • Direkte tenestetilbod til innbyggjarane • Delt offentlig eigarskap	Verksemda har det heileigde dotterselskapet HiM transport AS og eigarinteresser i Rekom AS (2,11 %).		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	22 084	22 026	20 607
Inntekter	107 643	104 998	109 093
Resultat før skatt	71	1906	-1 265
Likviditet	1,59	1,43	2,02
Soliditet	22,92 %	21,54 %	21,39 %

Haugaland brann og redning IKS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 3,62 %	Selskapet sitt føremål er å dekke alle kommunanes plikter, oppgåver og behov i samsvar med brann- og eksplosjonsvernlova sine krav til kommunane, medrekna: ulykke- og katastrofesituasjonar som brann, redning, drukning og akutt forureining, nødalarmtenester 110, feiing og tilsyn med fyringsanlegg, arbeide med førebyggjande tiltak mot brann og ulykker, søke å selje tenester knytt til førebyggjande og beredskapsrelaterte tenester, inngå samarbeidsavtaler med kommunar, andre selskap og verksemdar. Selskapet kan ta på seg andre arbeidsoppgåver eigarane og selskapet måtte bli einige om.		
Nøkkelpunkt			
• Omdøme • Samfunnsansvar • Delt offentlig eigarskap • Direkte tenestetilbod til eigarane	Karmøy kommune er største eigar i selskapet med 37,16 % av eigarskapet og Haugesund er nest største eigar med 32,55 %. Syv andre kommunar har også ein varierande eigardel i verksemda. Det har vore ein del uro knytt til selskapet etter at Haugesund – som ein av dei største eigarane – vedtok å trekkje seg frå samarbeidet i 2018. Nøkkeltala viser at Haugaland brann og redning IKS brukte mykje av eigenkapitalen i 2018 og gjekk i underskot same året. Likviditeten var ikkje tilfredsstillande i 2018. Verksemda blei registrert i 2017 og det er difor ikkje tilgjengeleg rekneskap for 2016.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	1 248	4 156	...
Inntekter	3 683	5 000	...
Resultat før skatt	-2 930	4 156	...
Likviditet	1,01	5,98	...
Soliditet	1,39 %	83,29 %	...

Haugaland kontrollutvalssekretariat IKS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 3,5 %	Føremålet med selskapet er å tilby sekretariattjenester til kontrollutvalet i deltakarkommunane og nærliggjande kommunar.		
Nøkkelpunkt	Karmøy kommune er største eigar i kommunen med 35,79 % eigardel og Haugesund kommune er nest størst med 30,99 % eigardel. Åtte andre kommunar har eigardel i selskapet.		
• Omdøme • Delt offentlig eigarskap	Verksemda har jamt over hatt ei solid økonomi dei siste tre åra.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	664	599	568
Inntekter	2 019	1 957	1 864
Resultat før skatt	65	31	35
Likviditet	3,3	3,07	2,9
Soliditet	70,34 %	68,15 %	66,82 %

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS	
Selskapet sitt føremål Eigardel: 2,78 %	Selskapet sitt føremål er å arbeide for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane vert tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, jf. arkivlova § 6-2.
Nøkkelpunkt	Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS eigd av 24 kommunar med varierende eigardel.
• Omdøme • Samfunnsansvar • Delt offentleg eigarskap	Verksemda har ikkje rapportert rekneskap til Brønnøysund dei siste åra. ¹²
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	Ikkje tilgjengeleg

Krisesenter vest IKS	
Selskapet sitt føremål Eigardel: 2,30 %	Selskapet skal, på vegner av eigarkommunane, sikre etterleving av krisesenterlova § 2 a), b) og c). Selskapet skal være eit rådgivande organ for eigarkommunane i etterleving av lova § 2 d).
Nøkkelpunkt	Verksemda er eigd av 16 kommunar etter kommunesamanslåinga 1.1.2020. Karmøy kommune er største eigar med 23,52 % av eigarskapet.
• Omdøme og etikk • Samfunnsansvar • Delt offentleg eigarskap	Verksemda har ikkje rapportert inn rekneskap til Brønnøysund dei siste åra. ¹³
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	Ikkje tilgjengeleg

Kommunekraft AS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 0,31 %	Føremålet med verksemda er å formidle aksjeeigaranes disponible kraft, irekna konsesjonskraft, og drive anna verksemd knytt til slik formidling.		
Nøkkelpunkt	Landssamanslutninga av vasskraftkommunar er største eigar i verksemda med 56,56 % eigarskap. Selskapet er også eigd av fleire andre kommunar og fylkeskommunar som har ein aksje kvar.		
• Omdøme • Delt offentleg eigarskap	Verksemda gjekk i underskot i 2017, men har elles hatt ein solid økonomi dei siste åra.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	1 923	1 770	1 955
Inntekter	2 068	2 057	2 548
Resultat før skatt	154	-185	68
Likviditet	16,62	12,79	3,34
Soliditet	94,22%	92,67%	71,85 %

¹² Ikkje alle interkommunale selskap (IKS) er underlagt innleveringsplikt til Brønnøysundregisteret. Det førekjem også at slike selskap ikkje leverer årsrekneskap til Brønnøysundsregisteret. I desse tilfella har ikkje revisjonen tilgang på nøkkeltal. Slike manglande data vil bli opplyst om der det er relevant.

¹³ Ikkje alle interkommunale selskap (IKS) er underlagt innleveringsplikt til Brønnøysundregisteret. Det førekjem også at slike selskap ikkje leverer årsrekneskap til Brønnøysundsregisteret. I desse tilfella har ikkje revisjonen tilgang på nøkkeltal. Slike manglande data vil bli opplyst om der det er relevant.

4.2 Selskap som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10

Tomteselskapet Etne AS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 49,85 %	Verksemda sitt føremål er å leggja til rette for utvikling og sal av areal for bustadbygging, næring og fritidsbustader i kommunen, samt alt som naturleg høyrer til dette. All verksemd i selskapet skal drivast etter forretningsmessige prinsipp. Overskotet skal i størst mogleg grad nyttast til utvikling av nye tomte- og bustadprosjekt.		
Nøkkelpunkt	Det kjem fram i intervju at selskapet si oppgåve er å utvikle tomter, og at det er kostbart. Følgjeleg må nokon garantere for låneopptak, men både Fylkesmannen og departementet har uttalt at dette ikkje er noko kommunen kan gjere, så da er det dei private eigarane som må ta kostnaden. Dette har medført at dei andre eigarane er litt misnøgde med å ha kommunen som største eigar.		
- Omdøme - Delt eigarskap med private aktørar	Etne kommune er største eigar i selskapet med 49,85 % av eigarskapet. Ei rekke kommunar og private aktørar har også eigardelar i selskapet. Nøkkeltala syner at verksemda auka inntektene monaleg frå 2016 til 2017, noko som bidrog til at selskapet også unngjekk underskot i 2017 og 2018. Likviditeten og soliditeten er solid.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	9 091	8 331	7 638
Inntekter	5 150	5 080	0
Resultat før skatt	914	693	-451
Likviditet	10,85	18,31	15,09
Soliditet	25,75 %	43,28 %	93,37 %

Etne elektrisitetsslag AS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 8,35 %	Føremålet til selskapet er å eiga aksjar i BKK AS. Selskapet kan også driva, delta i eller samarbeid med andre selskap om digital kommunikasjon, bygde- og næringsutvikling og andre aktivitetar med forretningsmessig tilknytning til Etne Elektrisitetsslag AS sitt konsesjonsområde per 1. januar 2018.		
Nøkkelpunkt	Største eigar i Etne elektrisitetsslag er verksemda sjølv, med 38,3 % av aksjane. I tillegg har Etne kommune og fleire andre private aktørar varierende eigardel i verksemda. Eigenkapitalen og resultatet har auka dei siste tre åra, mens inntektene gjekk ned monaleg i 2018. I 2018 hadde verksemda ikkje tilfredsstillande likviditet.		
- Omdøme - Samfunnsansvar - Delt eigarskap med private aktørar	Verksemda har eigarinteresser i seg sjølv (38,3 %).		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	71 946	58 689	56 155
Inntekter	1 033	40 059	38 869
Resultat før skatt	13 778	3 494	4 954
Likviditet	1,17	1,72	1,48
Soliditet	96,74 %	76,64 %	82,09 %

Grannar AS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 8,03 %	Verksemda sitt føremål er å gje ut eit bygdeblad for bygdene i Etne, Vindafjord og Ølen kommunar. Bladet skal vera eit partipolitisk ubunde kontaktorgan mellom bygdene, og det skal elles ta opp aktuelle emne i tida, både frå Sunnhordland, Nord-Rogaland og landet elles. Bladet skal redigerast på nynorsk, og det skal arbeida for å fremja ein god heimleg vokster i bygdene. Innlegg til bladet vert prenta i den målforma dei er skrivne.		
Nøkkelpunkt	Grannar er mellom anna eigd av Etne kommune, Vindafjord kommune og fleire private aksjonærar. Nøkkeltala visar at selskapet har ein solid egenkapital og jamne inntekter. Likviditeten var noko låg i 2016, men Grannar AS har generelt sett hatt solid økonomi dei siste åra.		
• Omdøme og etikk • Delt eigarskap med private aktørar • Samfunnsansvar	Selskapet har dotterselskapet Etne 7 eignedom AS (100 %) og eigarinteresser i Lokalavissamkjøringa landet rundt AS (1,66 %) som ikkje fell inn under kommunelova §§ 23-6 og 24-10.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	5 754	5 700	5 452
Inntekter	10 882	11 024	10 928
Resultat før skatt	59	330	302
Likviditet	1,4	1,37	1,28
Soliditet	57,65 %	55,84 %	53,46 %

Opero AS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 2,17 %	Målsettinga for bedrifta er å utvikla og gje yrkesmessige arbeidsinkluderingsstilbod med siktemål om å føra arbeidstakarar attende til, eller inn i, ordinært arbeid. Bedrifta skal og gje tilbod om utprøving og avklåring av personar med tanke på framtidig val av arbeid og utdanning.		
Nøkkelpunkt	Stord kommune er største eigar i verksemda med 28,03 % av eigarskapet. Verksemda er også eigd av ei rekke andre kommunar og Sør-Norge aluminium.		
• Omdøme • Delt eigarskap med private aktørar • Etikk • Samfunnsansvar • Direkte tenestetilbod til innbyggjarane	Nøkkeltala viser at selskapet har hatt ei stabil økonomi dei siste åra med høg egenkapital og jamne inntekter. Likviditeten var ikkje tilfredsstillande i 2016, men har vore det dei siste to åra.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	17 120	16 191	15 053
Inntekter	38 388	36 903	37 086
Resultat før skatt	475	571	1 747
Likviditet	1,47	1,39	1,25
Soliditet	57,18 %	55,56 %	49,35 %

Skånevik Ølen kraftlag AS

Selskapet sitt føremål
Eigardel: 1,56 %

Verksemda sitt føremål er å eiga aksjar i Haugaland Kraft AS for å bidra til sikker og moderne forsyning av energi og breibandstenester i Skånevik Ølen Kraftlag SA sitt konsesjonsområde per 1. januar 2017.

Nøkkelpunkt

- Omdøme
- Samfunnsansvar
- Vesentlege verdiar
- Delt eigarskap med private aktørar

Skånevik Ølen kraftlag er eigd av fleire private aktørar og nokon kommunar. Wecon Yards AS (15,4 %) er største eigar i verksemda. Verksemda har varierende resultat, men aukande eigenkapital. Likviditeten var ikkje tilfredsstillande i 2016 eller 2017.

Verksemda har eigarinteresser i seg sjølv (4,34 %), og eigarinteresser i Haugesund kraft AS (4,2 %). Både verksemdar kjem ikkje inn under kommunelova §§ 23-6 og 24-10.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	254 769	254 540	156 395
Inntekter	0	0	90 038
Resultat før skatt	2 192	98 132	17 993
Likviditet	1,34	1,13	1,12
Soliditet	98,78 %	97,6 %	77,71 %

Norsk bane AS

Selskapet sitt føremål
Eigardel: 0,98 %

Føremålet til selskapet er å planleggje og realisere eit høgfarts-banenett i Noreg og gjennomføre dei tiltaka som synest nødvendige for å kunne oppnå dette. Høgfartsbanen over Haukeli er eit nøkkelement. Selskapet kan selje jarnbanefagleg kompetanse.

Nøkkelpunkt

- Omdøme
- Delt eigarskap med private aktørar

Verksemda er eigd av fleire kommunar, Rogaland fylkeskommune og nokon private aktørar, med varierende eigardelar.

Nøkkeltala viser at selskapa gjekk i underskot i 2016 og 2018, men at selskapet elles har ei relativt stabil økonomi.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	65	134	130
Inntekter	1 924	2 299	2 427
Resultat før skatt	-69	4	-19
Likviditet	1,32	1,51	1,68
Soliditet	24,44 %	33,84 %	40,5 %

Åkrafjorden oppleving AS

Selskapet sitt føremål
Eigardel: 0,45 %

Verksemda sitt føremål er å pakke, profilere og selje aktivitets- og opplevingsprodukt med ein bestemt kvalitet. Dette omfattar og å setje saman produkt (pakking) og å utvikle ein felles sal-, info- og bookingfunksjon.

Nøkkelpunkt

Største eigar i selskapet er Åkrafjorden Utvikling AS (44,37 %). Selskapet har også fleire private eigarar. Nøkkeltala viser at selskapet har auka eigenkapital og inntekter dei siste åra.

- Omdøme
 - Delt eigarskap med private aktørar
- Verksemda har eigarinteresser i Green Fjord Cruises AS (25 %) som ikkje fell inn under kommunelova §§ 23-4 og 24-10.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	636	617	194
Inntekter	3 086	2 471	1 245
Resultat før skatt	19	423	89
Likviditet	2,02	6,53	1,66
Soliditet	34,79 %	72,25 %	36,19 %

Destinasjon Haugesund & Haugalandet AS

Selskapet sitt føremål
Eigardel: 0,19 %

Selskapet sitt føremål er å marknadsføre av reiselivsbedrifter i regionen og andre aktivitetar som naturleg fell saman med dette, irekna å delteke i andre selskap med liknande verksemd, kjøp og sal av aksjar, eller på anna måte gjere seg interessert i andre føretagender.

Nøkkelpunkt

CS Investering AS er største eigar i verksemda med 24,97 % av aksjane, mens Haugesund kommune er nest størst med 24,39 % av aksjane. Det er og fleire kommunar og ein anna privat aksjonær i selskapet.

- Omdøme
 - Delt eigarskap med private aktørar
- I 2016 hadde selskapet ikkje tilfredsstillande likviditet og negativ soliditet. I 2016 brukte selskapet opp eigenkapitalen sin, og verksemda gjekk i underskot i 2017 og 2018.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	1 482	1 495	-363
Inntekter	7 728	7 621	7 207
Resultat før skatt	-73	-377	421
Likviditet	1,5	1,73	0,34
Soliditet	50,91 %	62,19 %	-22,6 %

Dag og tid AS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 0,19 %	Føremålet til selskapet er å gje ut ei partipolitisk ubunden avis på nynorsk. Selskapet skal kunne drive handel og eige eller på anna måte ta del i andre forretningstiltak.		
Nøkkelpunkt	Dag og tid AS er eigd av fleire private aksjonærar og nokon kommunar med varierende eigardel. Stiftinga <i>Vener av Dag og Tid</i> er største eigar i selskapet med 11,8 % av aksjane. Inntektene har auka jamt dei siste åra mens resultat før skatt har fallen. Likviditeten var ikkje tilfredsstillande i 2018.		
- Omdøme - Delt eigarskap med private aktørar	Dag og Tid AS eig 2,04 % av aksjane i seg sjølv.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	3 994	3 779	3 409
Inntekter	30 714	29 469	26 745
Resultat før skatt	10	264	533
Likviditet	1,26	1,32	1,31
Soliditet	25,6 %	25,36 %	25,58 %

E134 Haukelivegen AS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: ukjent	Verksemda sitt føremål er å arbeide for utbygging og standardheving av transportkorridoren E134 Karmøy-Frogn, RV36 Seljord-E18 og sambandet E134-Bergen.		
Nøkkelpunkt	Verksemda er eigd av ei rekke kommunar fylkeskommunar og private aksjonærar. Inntektene minka ein del i 2018 i forhold til året førre. Resultatet har variert, og verksemda gjekk med underskot i 2018.		
- Omdøme - Delt eigarskap med private aktørar			
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	3 505	3 700	2 571
Inntekter	1 214	2 603	2 338
Resultat før skatt	-195	1 129	3
Likviditet	13,26	13,76	2,42
Soliditet	92,46 %	92,73 %	58,69 %

Biblioteksentralen SA			
Selskapet sitt føremål Eigardel: ukjent	Føremålet til selskapet er å være eit serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek. Dette inneber mellom anna å være hovudleverandør av produkt og tenester til bibliotek og liknande institusjonar.		
Nøkkelpunkt	Selskapet er eigd av ei rekke kommunar, fylkeskommunar, Kommunenes sentralforbund (KS) og Norsk Bibliotekforening. Eigarane har varierende eigardel. Nøkkeltala viser at samvirkeføretaket har høg eigenkapital og jamt høge inntekter. Verksemda gjekk i stort underskot i 2016 og 2018, men likviditet og soliditet er fortsett tilfredsstillande.		
• Omdøme • Delt eigarskap med private aktørar • Vesentlege verdiar	Verksemda har fleire dotterselskap og eigarinteresser som ikkje fell in under kommunelova §§ 23-6 og 24-10 • BS eiendom AB20 AS (100 %) • BS Undervisning AS (100 %) • Norsk bibliotektransport AS (100 %) • BS Lab AS (100 %) • Axiell Norge AS (100 %) • Edda bokhandel AS (100 %) • BS Eurobib AS (50 %) • ABM-Media AS (0,25 %)		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	289 235	296 362	237 540
Inntekter	125 324	131 980	136 941
Resultat før skatt	-7 127	58 822	-19 810
Likviditet	4,58	4,91	5,23
Soliditet	63,53 %	62,58 %	86,53 %

Skakke SA			
Selskapet sitt føremål Eigardel: ukjent	Føremålet er å fremje sameigarane sine økonomiske interesser ved å gje dei tilgang til lokalar i Etne kulturhus (Skakkesenteret).		
Nøkkelpunkt	Nøkkeltala viser at Skakke SA har hatt negativ egenkapital dei siste tre åra og gjekk med underskot i 2018 og 2016. Likviditeten har ikkje vore tilfredsstillande sidan 2016, sjølv om inntektene har auka dei siste to åra.		
- Omdøme - Samfunnsansvar - Felles eigarskap	Det går fram av Bisnode Smartcheck at Skakke SA ikkje rapporterte inn årsoppgjer innan frist i 2018 og at det var knytt uvisse til fortsett drift i allereie i 2017. Etne kommune stilte i 2019 med om lag 30 millionar + 10 % som sjølvskyldnarkausjonist. Det blir i intervju peika på at eigarskapet medfører vedvarande risiko for kommunen. Skakke SA eig 1,04 % av IMS kjeda som fell utanfor kommunelova §§ 23-6 og 24-10.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	-21 361	-20 815	-16 673
Inntekter	9 173	10 955	2 880
Resultat før skatt	-546	278	-2 518
Likviditet	0,45	0,55	1,34
Soliditet	-95,25 %	-84,28 %	-51,05 %

Skånevik Vassverk SA			
Selskapet sitt føremål Eigardel: ukjent	Verksemda sitt føremål er å syta for vassforsyning til medlemmane. Føretaket kan også ved avtale yte vassforsyning til andre enn medlemmar innafor forsyningsområdet på same leveringsvilkår og pris som for medlemmar.		
Nøkkelpunkt	Nøkkeltala viser at selskapet har hatt solid egenkapital og jamne inntekter dei siste åra. Samstundes er ikkje likviditeten tilfredsstillande.		
- Omdøme - Samfunnsansvar - Direkte tenestetilbod til innbyggjarane			
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	6 491	6 218	5 848
Inntekter	1 542	1 563	1 379
Resultat før skatt	271	369	286
Likviditet	0,21	0,1	0,05
Soliditet	86,70 %	81,40 %	74,58 %

Medvind24 Næringshage AS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 50 aksjar	Selskapet skal som privat og kommersiell aktør byggje opp innovasjonskompetanse og medverke til vidareutvikling og etablering av bedrifter innan for KIFT (Kunnskapsintensiv forretningsmessig tenesteyting). Selskapet skal arbeide for å skape samlokaliserte miljø som gir fagleg og sosialt utbytte for bedrifter innan målgruppa.		
Nøkkelpunkt	Etne kommune kjøpte seg inn i selskapet i slutten av april 2020, etter vedtak i formannskapet.		
• Omdøme • Samfunnsansvar • Delt eigarskap med private aktørar • Direkte tenestetilbod til innbyggjarane	Nøkkeltala viser at selskapet har og har hatt solid økonomi.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	1 463	1 391	1 359
Inntekter	3 790	3 199	3 354
Resultat før skatt	94	11	33
Likviditet	2,81	3,01	2,51
Soliditet	65,81 %	68,05 %	61,41 %

Fikse næringsutvikling SA	
Selskapet sitt føremål Eigardel: ukjent	Verksemda skal synleggjera, tala og fremja medlemmene og næringslivet elles sine interesser. Dette gjer ein gjennom arbeid med tilrettelegging for næringsutvikling og betring av rammevilkår for næringslivet. Selskapet kan engasjera seg i nærliggjande oppgåver, som bedriftsutvikling og tilrettelegging for nyetableringar. Selskapet har eit ikkje-økonomisk føremål
Nøkkelpunkt	
• Omdøme • Direkte tenestetilbod til innbyggjarane	Det er ikkje rapportert inn rekneskap til Brønnøysundregistret.
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	Ikkje tilgjengeleg

4.3 Føretak, samarbeid og foreiningar

Kommunale føretak, vertskommunesamarbeid, stiftingar og foreiningar er ikkje omfatta av regelverket om eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon i selskap. Kommunale føretak og vertskommunesamarbeid er omfatta av ordinær forvaltningsrevisjon. Vi har likevel laga ei samla liste under for ulike samarbeid/interesser til kommunen:

Vertskommunesamarbeid:

- Interkommunalt voldtektsmottak – i samarbeid med Helse Fonna
- Legevaktsamarbeid med Tysvær, Bokn, Haugesund, Utsira og deler av Karmøy PPT
- Nattlegevaktsamarbeid med Haugesund
- PPT med Vindafjord som vertskommune

- Miljøretta helsevern, der Sauda er vertskommune
- NAV, der Vindafjord er vertskommune.
- Interkommunal legevakt i samarbeid med Vindafjord kommune. Denne er lokalisert i Ølen i Vindafjord kommune.
- Legevaktstelefon med Haugesund kommune (VESS-Haugesund)
- Krisesenter for Haugesund og omegn

Stiftingar:

- Stiftelsen Tusenfryd Bustadskiping
- Stiftelsen Etne Bustadsskiping
- Olav Vik Stiftelsen
- Stiftelse Vestnorsk Senter for Bygdeutvikling
- Stiftinga Norsk Motormuseum
- Guttom Vatndals Legal
- Legat for førebyggjande tiltak innen psykiatriske tenester
- Gudrun og Geork Nerrviks legat
- Gunda og Martin Hallelands fond for utvikling av lokal småindustri

Andre:

- Kommunal landspensjonskasse gjensidig pensjonsselskap
- Landssamanslutninga av vasskraftkommunar
- Haugaland opplæringskontor
- Sameiget Skakke – senter for skule, idrett og kultur (66 %)

5. Eigarskapskontrollar – oversikt over identifiserte risikoområde

Basert på analysane og funna knytt til selskapa der Etne kommune har eigarskap (kapittel 4), presenterer vi i dette kapittelet vurderingane av kor i Etne kommune si eigarskapsforvaltning det er risiko for at kommunen ikkje utøver tilstrekkeleg kontroll med selskapa i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing, både overordna sett og for enkelte selskap der kommunen har eigarinteresser.

Typiske risikoområde som blir undersøkt og vurdert i ein eigarskapskontroll inkluderer system og rutinar for oppfølging av eigarskap, rutinar for val av styrerepresentantar, opplæring av styrerepresentantar og rapportering til kommunestyret.

Dersom ein gjer forvaltningsrevisjon i eit selskap (sjå kap. 4) vil ein også kunne slå denne saman med ein eigarskapskontroll, ved å legge til desse problemstillingane i forvaltningsrevisjonen.

Dei identifiserte risikoområda/-selskapa er sett opp i uprioritert rekkjefølgje. Det er kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere val av og rekkjefølgje for eigarskapskontrollane i planen som blir lagt fram for kommunestyret.

Tabellen under viser identifiserte risikoområde/-selskap knytt til kommunen si eigarskapsforvaltning. Vi tar atterhald om at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert.

Tabell 7: Identifiserte risikoområder knytt til kommunen si eigarskapsforvaltning

Område/selskap	Eigardel	Observasjonar	Risikoområde
Overordna eigarskapsforvaltning i kommunen	IA	Kommunen skal etter ny kommunelov utarbeide eigarskapsmelding som vedtakast av kommunestyret minst ein gong i valperioden (§ 26-1). I intervju er det fleire som peikar på at kommunen si eigarskapsforvaltning har manglar, t.d. knytt til mål for eigarskapa, eigarskapsstrategiar, oppfølging av eigarskapa, mv. Dette gjeld både den administrative og politiske eigarskapsforvaltninga. Det blir òg peika på at det generelt er kan vere ei utfordring med transparens og demokratisk styring når tenester eller forvaltningsoppgåver blir lagt i selskap.	- System og rutinar for oppfølging av eigarskap - Rutinar for val av styrerepresentantar - Opplæring av styrerepresentantar og - Rapportering til kommunestyret
Eigarskapskontroll av kommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter	Varierende	Kommunen har eigarskap i fleire arbeidsmarknadsbedrifter (Øyane Asvo AS og Opero AS) Dette er selskap som leverer viktige tenester til brukarar med behov for tilrettelagt arbeid. Selskapa har ofte utfordrande driftsvilkår, og skal drive delvis i konkurranse med andre, med krav til internkontroll og HMT. Tilbodet krev også god og tett oppfølging av brukarane.	- Økonomi og drift - Tilfredsstillande tilbod til brukarar - Ikkje forsvarleg oppfølging - Brot på HMT - Manglande utvikling for tiltak
Eigarskapskontroll av kommunen si forvaltning og oppfølging av ulike	Varierende	Kommunen har eigarskap i fleire selskap som driv næringsutvikling (Fikse næringsutvikling SA, Medvind24 Næringshage AS, Samarbeidsrådet for	System og rutinar for oppfølging av eigarskapet

næringsutviklings-selskap		Sunnhordland IKS og Haugaland vekst IKS). Samtidig blir det uttrykt uvisse om kommunen i tilstrekkeleg grad har oversikt over næringslivet sine behov, og klarar å leggje til rette for auka næringsverksemd i kommunen.	• Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen • Tilfredsstillande tilbod til brukrar
Eigarskapskontroll av Skakke SA	Ukjend	Det blir av fleire vist til at kommunen sin eigarskap i Skakke eksponerer kommunen for relativt stor økonomisk risiko, då kommune har stilt som garantist for store beløp utan at den økonomiske situasjonen i selskapet ser ut til å bli betre.	• System og rutinar for oppfølging av eigarskapet • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen
Eigarskapskontroll av Haugaland brann og redning IKS	3,62 %	Selskapet er eigd av fleire kommunar, og leverer samfunnskritiske tenester. Selskapet er relativt nyskipa, og har ein økonomi som kan sjå utfordrande ut. I tillegg blir vist til at det har vore uro og vanskar knytt til både den økonomiske situasjonen og den operative drifta i selskapet.	• System og rutinar for oppfølging av eigarskap • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunestyret • Økonomi og drift
Eigarskapskontroll av Haugaland interkommunale miljøverk IKS	8,5 %	Selskapet er eigd av fleire kommunar, og leverer samfunnskritiske tenester. Selskapet ser ut til å ha ein relativt stabil drift. Det er åtte år sidan siste selskapskontroll.	• System og rutinar for oppfølging av eigarskap • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunestyret
Eigarskapskontroll av Krisesenter vest IKS	2,3 %	Selskapet er eigd av fleire kommunar, og leverer kritiske teneste til ein svært sårbar brukargruppe. Det er uvisst korleis økonomien i selskapet er.	• Økonomi og drift • Tilfredsstillande tilbod til brukarar • Ikkje forsvarleg oppfølging • Brot på HMT • Manglande utvikling for tiltak
Eigarskapskontroll av Tomteselskapet Etne AS	49,85 %	Kommunen eig selskapet saman med private aktørar. Det kjem fram i intervju at kommunen sitt eigarskap har bydd på nokre utfordringar, då kommunen ikkje kan bidra på same måte som dei andre eigarane med finansiering, samtidig som kommunen er største eigar.	• System og rutinar for oppfølging av eigarskap • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunestyret

6. Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn

6.1 Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskaps-/eigarskapskontrollar

6.1.1 Forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda

- Innkjøp – september 2019
- IKT og informasjonstryggleik – 2018
- Sjukefråvær – 2017

6.1.2 Forvaltningsrevisjon i selskap

- Haugaland interkommunale miljøverk IKS - 2011

6.1.3 Eigarskapskontroll

Selskapskontrollen nemnt over omfatta også eigarskapskontroll.

6.2 Tilsyn

Fylkesmannen har gjennomført fleire tilsyn med Etne kommune dei siste åra. I mars 2019 blei det gjennomført eit tilsyn med Etne kommune si kommunale beredskapsplikt. Dette blei også gjennomført i 2015. Vidare har Helsetilsynet gjennomført tilsyn med NAV Etne kommune i 2016.

7. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar

På bakgrunn av dei analysar og risikovurderingar som er gjennomførte, er det identifisert fleire område som etter Deloitte si vurdering kan representere høg risiko, og kor kontrollutvalet bør vurdere å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar i Etne kommune.

Forslaget dannar grunnlag for prioriteringa som kontrollutvalet skal gjere. Kontrollutvalet står fritt til å leggje til og endre på prosjekta som er skissert under.

7.1 Forvaltningsrevisjon

7.1.1 Prosjekt som er kategorisert som høg risiko (raude)

Tabell 8: Raude prosjekt

Prosjekt	Tema
Organisasjon, økonomi og styring	• <i>Styring og kontroll</i> • <i>Rapportering</i> • <i>Målinnfriing</i> • <i>Bemanning</i>
Bemanning og sjukefråvær	• <i>Bruk av vikartenester</i> • <i>Oppfølging av sjukemeldte i samsvar med krav i lov- og regelverk</i> • <i>System og rutinar for personalforvaltning</i> • <i>Rekruttering</i>
Kontrakts- og leverandøroppfølging	• <i>Oversikt over kontraktar</i> • <i>Rutinar for leverandør- og kontraktsoppfølging</i> • <i>Etterleving av rutinar</i> • <i>Kontroll av utvalde kontraktar, t.d. med omsyn til:</i> ◦ <i>Leveransar</i> ◦ <i>Kontraktsvilkår</i> ◦ <i>Regelverk (HMT, løn, osb.)</i>
Internkontroll og kvalitetssystem	• <i>Tilfredsstillande internkontroll</i> • <i>Bruk av kvalitetssystem</i> • <i>Gjennomføring av risikovurderingar</i> • <i>Melding og oppfølging av avvik</i>
Barnevern	• <i>System og rutinar for saksbehandling og sikring av regeletterleving</i> • <i>Økonomistyring</i> • <i>Tidleg innsats/førebygging</i>
Tilpassa opplæring og spesialundervisning	• <i>Etterleving av opplæringslova og forvaltningslova</i> • <i>Samarbeid med PPT på individ- og systemnivå</i>
Trygt og godt skulemiljø	• <i>Regeletterleving</i> • <i>System og rutinar</i>
Kultur	• <i>System og rutinar</i> • <i>Kompetanse og kapasitet</i> • <i>Planlegging</i>
Vedlikehald av kommunale bygg	• <i>System og rutinar</i> • <i>Planlegging</i> • <i>Oppfølging</i>
Planarbeid	• <i>Kompetanse og kapasitet</i> • <i>Regeletterleving</i> • <i>Service, råd og rettleiing</i>
Byggesak	• <i>System og rutinar for saksbehandling</i>

	• Service, råd og rettleiing
Næring og landbruk	• Oppfølging av oppgåver • Regeletterleving
Bemanning innan helse og omsorg	• Bruk av vikartjenester • Oppfølging av sjukemeldte i samsvar med krav i lov- og regelverk • System og rutinar for personalforvaltning • Rekruttering
Pleie og omsorg	• Tiltak for å sikre ressurseffektive tenester • Tildeling av tenester • Bruk av omsorgstrappen • Kapasitet og kompetanse, inkluder sjukefråvær og vikarbruk
Tenestekontor	• System og rutinar for å sikre kvalitet i vedtak og etterleving av regelverk • Samhandling mellom tenester/verksemdar og tenestekontoret • Kapasitet og kompetanse
Psykiske helse- og rustenesta	• Kapasitet og kompetanse • Regeletterleving
Tenester for funksjonshemma	• Kapasitet og kompetanse • Regeletterleving
Øyane Asvo AS	• Økonomistyring • Internkontroll og HMT • Målinnfriing • Brukarmedverknad
Haugaland interkommunale miljøverk IKS	• Økonomistyring • Internkontroll og HMT • Målinnfriing
Haugaland brann og redning IKS	• Økonomistyring og leing • Internkontroll og HMT • Målinnfriing • Organisering
Krisesenter vest IKS	• Økonomistyring • Internkontroll og HMT • Målinnfriing
Skakke SA	• Økonomistyring og leing • Internkontroll og HMT • Målinnfriing • Organisering

7.1.2 Andre prosjekt (gule)

Tabell 9: Gule prosjekter

Prosjekt
Saksførebuing og vedtaksoppfølging
Informasjonstryggleik og IKT
Innkjøp
Offentlegheit og arkiv
Berekraft, miljø og klima
Barnehage
Kvalitet i skulen
Samarbeid om tenester til born og unge
Beredskap

NAV/Sosiale tenester

Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Haugaland vekst IKS

Tomteselskapet Etne AS

7.2 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll kan inngå som ein del av ein forvaltningsrevisjon av selskap (sjå førre liste), eller den kan gjennomførast som eigne prosjekt der fokuset berre er på kommunen si eigarskapsforvaltning av eit eller fleire selskap.

Tabell 10: Aktuelle prosjekt

Prosjekt	Tema
Overordna eigarskapsforvaltning i kommunen	• System og rutinar for oppfølging av eigarskapa - o Eigarmelding - o Eigarstrategi - o Eigaroppfølging • Rutinar for val av styrerepresentantar • Opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen
Eigarskapskontroll av kommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter	• Økonomi og drift • Tilfredsstillande tilbod til brukarar • Ikkje forsvarleg oppfølging • Brot på HMT • Manglande utvikling for tiltak
Eigarskapskontroll av kommunen si forvaltning og oppfølging av ulike næringsutviklingsselskap	• System og rutinar for oppfølging av eigarskapet • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen • Tilfredsstillande tilbod til brukarar
Eigarskapskontroll av Skakke SA	• System og rutinar for oppfølging av eigarskapet • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen
Eigarskapskontroll av Haugaland brann og redning IKS	• System og rutinar for oppfølging av eigarskap • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunestyret • Økonomi og drift
Eigarskapskontroll av Haugaland interkommunale miljøverk IKS	• System og rutinar for oppfølging av eigarskap • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunestyret
Eigarskapskontroll av Krisesenter vest IKS	• Økonomi og drift • Tilfredsstillande tilbod til brukarar • Ikkje forsvarleg oppfølging • Brot på HMT • Manglande utvikling for tiltak
Eigarskapskontroll av Tomteselskapet Etne AS	• System og rutinar for oppfølging av eigarskap • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunestyret



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	27.10.20	/20
Kontrollutvalet	21.09.20	17/20
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2024 – ETNE KOMMUNE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval vedtar Plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 slik den ligg føre/ med endringar/tillegga.....

og innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyret vedtar Plan for eigarskapskontroll 2020- 2024 slik den ligg føre.

Retningslinjer for selskapskontroll i Etne kommune blir vidareført slik dei ligg føre.

Etne kontrollutvalet får delegert mynde til å endre planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-4.

- Vedlegg:**
1. Plan for eigarskapskontroll i Etne kommune 2020 - 2020
 2. Risiko- og vesentlegvurderingar (sjå sak om plan forvaltningsrevisjon)
 3. Retningslinjer for eigarskapskontroll 2020-2024

Bakgrunn:

Eigarskapskontroll er å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser gjer dette i samsvar med lover, forskrift, kommunestyret sine vedtak og kjente prinsipp for eigarstyring.

Det går fram av kommunelova § 23-4 at det skal utarbeidast ein eigen plan for gjennomføring av eigarskapskontroll. Planen skal basere seg på ein risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sitt eigarskap. Planen skal godkjennast av kommunestyret innan utgangen av fyrste året i kvar valperiode.

Planen er det kommunestyret sjølv som skal vedta. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden.

Saksorientering:

I møtet 25.11.19, sak 28/19 blei Deloitte AS engasjert av utvalet til å utarbeide analyse og utkast til plan. I det fyrste prosessmøtet den 17.02.20, sak 5/20 deltok medlemmene i Deloitte sitt risikospel, saman med revisor Frode Løvlie. Spelet var en del av prosessen for å komme med innspel til ny analyse og plan.

Forvaltningsrevisor presentere risiko- og vesentlegvurderingane dei hadde laga i møtet 18.05.20, sak 08/20. Risiko- og vesentlegvurderingane er vedlagt saksdokumenta som vedlegg 2 i sak om plan for forvaltningsrevisjon.

Dette analysedokumentet er eit verktøy – som saman med kontrollutvalet sine egne vurderingar skal leggjast til grunn for prioritering av aktuelle prosjekt i planen. Det er utvalet som prioriterer og vurderer dei ulike risikoområda og avgjør kva selskap som skal bli gjenstand for eigarskapskontroll.

Etne kommune har eigarinteresser i ni selskap saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar, og i 15 selskap med innslag av private eller statlege aktørar på eigarsida. I fylgje vedtatte retningslinjer bør kontrollar samordnast med dei andre eigar-kommunane.

Etne kommune har eigardelar i fleire aksjeselskap, som er eigd av andre eigarar enn kommunar, fylkeskommunar og interkommunale selskap. Oversyn over desse 15 selskapa finn ein under kap. 2.4 i vedlegget om risiko- og vesentlegvurdering.

Tidlegare planar

I perioden 2012-2016 var følgjande prioritert i planen:

- Eigarskapskontroll av Etne kommune
- Øyane ASVO AS
- Etne Kulturhus BA
- Krisesenter Vest IKS

Det blei gjennomført selskapskontroll av Øyane ASVO AS i 2013.

I perioden 2016-2020 var Eigarskapsforvaltning einaste prioritering i planen. Dette prosjektet blei ikkje gjennomført i førre periode.

Plan for 2020-2024

Vedlagt følgjer framlegg til Plan for gjennomføring av eigarskapskontroll for perioden 2020-2024.

I framlegget til ny plan har revisor i kap. 2 gjort framlegg om at følgjande tema blir prioritert for ein mogleg eigarskapskontroll i perioden 2020-2024:

Prioriterte eigarskapskontrollrevisjonsprosjekt

1. Overordna eigarskapsforvaltning i kommunen
2. Eigarskapskontroll av Skakke SA
3. Eigarskapskontroll av Tomteselskapet Etne AS

4. Eigarskapskontroll av kommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter

Uprioriterte eigarskapskontrollrevisjonsprosjekt

Eigarskapskontroll av Haugaland brann og redning IKS

Eigarskapskontroll av kommunen si forvaltning og oppfølging av ulike nærings-
utviklingsselskap

Eigarskapskontroll av Haugaland interkommunale miljøverk IKS

Eigarskapskontroll av Krisesenter vest IKS

Det er utvalet som prioriterer og vurderer dei ulike risikoområda og avgjer kva selskap som eventuelt skal bli gjenstand for kontroll og val av prosjekt.

Evalueringslinjer

Etne kommune sine retningslinjer for selskapskontroll trådte i kraft då kommunestyret slutta seg til desse i 2006. Dei er seinare blitt lagd fram for kommunestyret i 2009, 2012 og 2016. Ved sist revidering ble det tatt ut at selskapa årleg skulle sende inn firmaattest. Med dagens tilgang via Altinn har informasjonstilgangen blitt mykje betre sidan retningslinjene blei utarbeida i 2006.

I følge gjeldande retningslinjer pkt. 12 skal dei evaluerast samtidig med revidering av planen. Retningslinjene følger saka som vedlegg 3.


Sekretariatet kan ikkje sjå at det no er trong for endringar eller tillegg. Ordet selskapskontroll bør imidlertid skiftast ut med eigarskapskontroll då det er i tråd med bruken i den nye kommunelova.

Det som sekretariatet igjen vil minne om er selskapa si plikt til å sende innkallingar og sakspapira til sekretariatet ved utsending til representantskapsmøte. Nokre av dei små selskapa har fortsatt ikkje har fått det inn i sine rutinar.

Kommunestyret bør delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen. Slik mynde har då også blitt gjeven tidlegare år, og ein finn heimel til det i kommunelova § 23-4 siste setning.

Aksdal, 14.09.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Etne kommune Plan for eigarskapskontroll 2020-2024

Juni 2020

Innhold

1.	Innleiing	4
1.1	Krav til eigarskapskontroll	4
1.2	Krav til plan for eigarskapskontroll	4
1.3	Krav til risiko- og vesentlegvurdering	4
2.	Eigarskapskontrollar 2020-2024	5
2.1	Eigarskapskontrollprosjekt	5
3.	Gjennomføring av eigarskapskontroll	6
3.1	Standard og innsynsrett	6
3.2	Metode	6
3.3	Gjennomføring og rapportering	6

1. Innleiing

1.1 Krav til eigarskapskontroll

Kommunelova § 23-2 bokstav d) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap (eigarskapskontroll). Same lov § 23-4 først ledd definerer eigarskapskontroll som å kontrollere om den som utøvar kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lovar og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

1.2 Krav til plan for eigarskapskontroll

Kommunelova § 23-4 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for eigarskapskontroll:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres.

I følge kommunelova § 23-4 femte ledd er det heradsstyret som vedtek plan for eigarskapskontroll, men heradsstyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringer i planen:

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

1.3 Krav til risiko- og vesentlegvurdering

Kommunelova § 23-4 tredje ledd stiller krav om at planen for eigarskapskontroll skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering:

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

På oppdrag frå kontrollutvalet har Deloitte gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering i Etne kommune. Føremålet har vore å skaffe relevant informasjon om eigarskapsforvaltninga i kommunen, slik at det var mogleg for kontrollutvalet å prioritere mellom ulike område og/eller selskap det kan vere aktuelt å gjennomføre eigarskapskontroll av.

Risiko- og vesentlegvurderinga skal avdekkje indikasjonar på avvik eller sårbare område sett opp mot at kommunen utøver tilstrekkeleg kontroll med selskapa i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing. Vurderinga er gjort både overordna og for det enkelte selskap der kommunen har eigarinteresser.

Informasjonsgrunnlaget som ligg til grunn for risiko- og vesentlegvurderinga og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativ leiing og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse
- Prosessmøte i kontrollutvalet
- Spørjeundersøking til tilsette og politikarar i kommunen
- Intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen.

Informasjon som blei samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risikoområda innanfor kommunen si overordna eigarstyring, og for det enkelte selskap kommunen har eigarinteresser i. Informasjonen er samla i eit analysedokument som låg til grunn for utveljing og prioritering av eigarskapskontrollprosjekt.

2. Eigarskapskontrollar 2020-2024

Under er eigarskapskontrollprosjekta presentert i prioritert rekkefølge. Kor mange prosjekt som vil bli gjennomført i perioden avheng av kontrollutvalet sitt budsjett og omfanget til dei einskilde prosjekta.

Under kvart prioriterte prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med funna i risiko- og vesentleg-vurderinga. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med bestilling av dei enkeltvise eigarskapskontrollprosjekta.

Eigarskapskontroll kan gjennomførast som eigne prosjekt der tema er kommunen si eigarskapsforvaltning av eit eller fleire selskap, eller gjennomførast i samband med ein forvaltningsrevisjon av selskap (sjå plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024).

2.1 Eigarskapskontrollprosjekt

Tabell 1: Prioriterte eigarskapskontrollrevisjonsprosjekt

Nr.	Prosjekt	Tema
1	Overordna eigarskapsforvaltning i kommunen	- System og rutinar for oppfølging av eigarskapa - Eigarmelding - Eigarstrategi - Eigaroppfølging - Rutinar for val av styrerepresentantar - Opplæring av styrerepresentantar - Rapportering til kommunen
2	Eigarskapskontroll av Skakke SA	- System og rutinar for oppfølging av eigarskapet - Val og opplæring av styrerepresentantar - Rapportering til kommunen
3	Eigarskapskontroll av Tomteselskapet Etne AS	- System og rutinar for oppfølging av eigarskap - Val og opplæring av styrerepresentantar - Rapportering til kommunestyret
4	Eigarskapskontroll av kommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter	- Økonomi og drift - Tilfredsstillande tilbod til brukarar - Ikkje forsvarleg oppfølging - Brot på HMT - Manglande utvikling for tiltak

Tabell 2: uprioriterte eigarskapskontrollrevisjonsprosjekt

Prosjekt
Eigarskapskontroll av Haugaland brann og redning IKS
Eigarskapskontroll av kommunen si forvaltning og oppfølging av ulike næringsutviklingsselskap
Eigarskapskontroll av Haugaland interkommunale miljøverk IKS
Eigarskapskontroll av Krisesenter vest IKS

Om kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein eigarskapskontroll, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre eigarskapskontrollar bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for eigarskapskontroll. Dersom kontrollutvalet finn det hensiktsmessig kan plan for eigarskapskontroll rullerast i løpet av perioden.

3. Gjennomføring av eigarskapskontroll

3.1 Standard og innsynsrett

Revisor skal gjennomføre eigarskapskontroll i samsvar med NKRF (Norsk kommunerevisorforbund) sine rettleiarar og standardar for dette.¹

Revisor har rett til å krevje innsyn i alle opplysningar, skildringar og dokument i kommunen som er nødvendige for å utføre sine oppgåver. Innsynsretten gjeld utan hinder av teieplikt. Dette går fram av kommunelova § 24-2 fjerde ledd.

Revisor har òg innsynsrett i kommunen sine interkommunale selskap, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefelleskap, aksjeselskap der det ikkje er innslag av statlege eller private eigarar, samt i verksemder som utfører oppgåver på vegner av kommunen. Dette går fram av kommunelova § 24-10 jf. § 24-6. Innsynsretten i verksemder som utfører oppgåver på vegner av kommune er ny, og er avgrensa til verksemder som har avtalerettslege forpliktingar ovanfor kommunen. Innsyn og undersøkingar skal berre omfatte det som er nødvendig for å undersøkje om kontrakten er oppfylt.

3.2 Metode

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike eigarskapskontrollane avheng av endelege problemformuleringar i det einskilde prosjekt. Generelt bør det brukast ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkeleg bredde i datamaterialet til å kunne utføre heilskapleg analysar og vurderingar. Ei slik metodetriangulering medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- Dokumentanalyse
- Elektroniske spørjeskjema
- Intervju
- Dataanalyse
- Testing av kontrollar og rutinar

Det er sentralt for å kunne gjennomføre vellukka eigarskapskontrollar at kontrollutvalet saman med revisor avgrensar og definerer prosjekta ved å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkte og kva kontrollkriterium revisor skal leggje til grunn. Før ein forvaltningsrevisjon blir starta opp, skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

3.3 Gjennomføring og rapportering

Revisor skal sende oppstartsbrev med informasjon om eigarskapskontrollen til administrasjonssjefen før datainnsamlinga tek til. Administrasjonssjefen skal få høve til å kome med sitt syn på funna i forvaltningsrevisjonsrapport. Uttalen frå administrasjonssjefen skal leggjast ved rapporten som blir sendt til kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir oversendt kommunestyret saman med rapporten.

¹ Standard for eigarskapskontroll RSK 002 er under ferdigstilling



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

RETNINGSLINJER FOR EIGARSKAPSKONTROLL

ETNE KOMMUNE

**Vedtatt av Etne kommunestyre fyrste gang i 2006, vidareført i 2009, 2012 og 2016.
Ny evaluering xx.xx.20, sak xx/20.**

1. Eigarskapskontroll vert gjennomført i tråd med kommunelova § 23-4 og forskrift om kontrollutval og revisjon kapittel 1.
2. Eigarskapskontroll vert gjennomført i samsvar med gjeldande plan for eigarskapskontroll vedtatt av kommunestyret. Plan for eigarskapskontroll vert vedtatt av kommunestyret minimum ein gong kvar valperiode, og kan justerast oftare dersom dette er naudsynt.
3. Kontrollutvalet har ansvar for å sikre at eigarskapskontroll vert gjennomført i tråd med desse retningslinjene.
4. Kontrollutvalet får delegert mynde til å kjøpe eigarskapskontroll i samsvar med den vedtekne planen og kan dessutan gjere endringar i plan for eigarskapskontroll dersom det er føremålstenleg og kostnadseffektivt (for eksempel ved samordning med andre eigarkommunar).
5. Kontrollutvalet får delegert mynde til å avgjere om eigarskapskontroll skal omfatta rein eigarskapskontroll eller om kontrollen også skal omfatte forvaltningsrevisjon etter § 23-3.
6. Kontrollutvalet rapporterer til kommunestyret om utført eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon. Rapportering skal gjerast etter gjennomført eigarskapskontroll i det enkelte selskap. Samlerapport om utført og igangsatt kontroll og revisjon vert rapportert årleg gjennom kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding.
7. Kontrollutvalet sitt sekretariat skal sørge for at selskap som er aktuelle for eller omfatta av plan for eigarskapskontroll får naudsynt kjennskap til kva eigarskapskontroll omfattar.
8. Innkalling med sakliste og sakspapir til representantskapsmøte og generalforsamling i selskap som er aktuelle for kontroll skal sendast kontrollutvalet sitt sekretariat (post@kontrollutvalgene.no) og kommunen sin valde revisor samtidig som innkalling vert sendt ut til dei faste medlemma av representantskapet og generalforsamlinga.
9. Kontrollutvalet avgjer sjølv korleis utvalet si deltaking på representantskapsmøte og general-forsamling skal gjennomførast. Kontrollutvalet kan samordne slik deltaking med andre eigarkommunar der dette er føremålstenleg.
10. Selskap som er aktuelle for eigarskapskontroll og/eller forvaltningsrevisjon skal sende kopi av oppdatert firmaattest til kontrollutvalet sitt sekretariat. Nyetablerte selskap sender kopi av firmaattest når denne ligg føre. Selskapa skal også sende kopi av selskapet si årsmelding og revisorattestert årsrekneskap når dette ligg føre.
11. Eigarskapskontroll vert gjennomført av den kontrollutvalet gjer i oppdrag å gjennomføre kontrollen.
12. Disse retningslinjer trer i kraft når kommunestyret har slutta seg til dei. Retningslinjene skal reviderast ved endringar i lov eller forskrift og evaluerast samtidig med revidering av plan for eigarskapskontroll.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr.
Kommunestyret	10.12.20	
Kontrollutvalet	21.09.20	18/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	151	

BUDSJETT 2021 - KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN – KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG

Sekretariatet sitt framlegg til innstilling:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Etne kommune for 2021 vert på i alt **kr 712 000,- eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	107 800
Kjøp av sekretærtjenester (teneste 1100 art 13750)	kr	189 200
Kjøp av revisjonstjenester (teneste 1100 art 13700)	kr	415 000

Vedlegg: Budsjettframlegg 2021

Saksorientering:

Kontrollutvalet har eit vidt arbeidsfelt og er berre underordna kommunestyret. Kontrollutvalet sitt tilsyn er ikkje avgrensa til berre å gjelde økonomiske forhold. Kontrollutvalet skal også sjå etter at saksførebuing og vedtaksprossar, både i administrasjonen og i dei andre politiske organa fungerer på ein måte som garanterer oppfylling av alle faglege krav, og ivareta grunnleggjande rettstryggleiksomsyn overfor kommunen sine innbyggjarar og andre som måtte bli ramma av vedtaka.

Kontrollutvalet sitt ansvar er i fyrste rekke eit påsjår-ansvar, og utvalet si rolle vil fyrst og fremst vere som bestillar. Ein viktig del av dette ansvaret vil vere å sjå til at bestillingane til revisor tilfredsstillar kommunen si trong til ein kvar tid. Dersom kontrollutvalet ønskjer å gjere ei tilleggsbestilling hos revisor, utover vedteken ramme, må utvalet be kommunestyret om ei høgare ramme.

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeide budsjettframlegg for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Sidan kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret, skal kontrollutvalet sitt budsjettvedtak i følgje forskrifta leggjast fram for kommunestyret, samstundes som kommunen samla budsjett for 2021 vert vedteke. Dersom kontrollutvalet si innstilling er lagt inn i rådmannen sitt budsjettframlegg frå administrasjonen, er det antatt at det ikkje er naudsynt å leggje framlegget fram for kommunestyret som eige sak.

I dei fleste kommunar er det praksis at utvalet si innstilling blir lagt inn i rådmannen sitt budsjettframlegg, utan endringar, dvs. inga kutt/reduksjon.

Budsjettet skal omfatte alle utgifter knytte til kontrollutvalet, sekretariatet og revisjonen si samla verksemd. Dette gjer at kontrollutvalet har eit forplikta ansvar for budsjett og regnskap tilsvarende det dei enkelte resultateiningane i kommunen har. Forskrifta pålegg kommunen å ha ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettframlegget omfattar derfor lovpålagte oppgåver.

Ny forskrift om kontrollutval og revisjon § 2 seier følgjande om budsjetthandsaminga:

Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.

Budsjettframlegget er delt inn i 3 hovudpunkt: utgifter til kontrollutvalet, kjøp av sekretariats- og revisjonstenester:

1. Kontrollutvalet sine egne utgifter

Utgiftene er vidareført som i inneverande år. Budsjettet legg til grunn at det vert fire møter neste år. Talet på medlemmer er fem og møta er på tinghuset på dagtid. Det ble lagt inn eksta midlar til å sende representantar til kurs/møte i nettverk for kontroll og tilsyn for inneverande år. Dette har blitt vidareført med tanke på at det er nytt utval, og deltaking på kurs/opplæring.

2. Sekretariatet

Etne kommune er medeigar i det interkommunale selskapet Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS og kjøper sekretariattenestene herfrå. Representantskapet vedtok budsjettet for 2021 i møte 27.04.20, sak 09/20. Budsjettet er utarbeidet på bakgrunn av selskapsavtalen, der det går fram at det skal betalast ein årleg fast grunnsum og etter medgått timeforbruk basert på eigardel.

Kostnadane for Etne neste år er sett til kr 189 200, som er ei auke på ca. 3 %. I prisen ligg all normal aktivitet i kontrollutvalet, frå sakshandsaming til utsending av innkallingar og utskrifter, arkivhald m.m.

3. Revisjonskostnadar

Regnskapsrevisjonen vert utført innanfor fastsette lovkrav og til ein fast pris med ein kvar tid gjeldande leverandør. Ny avtaleperiode og nye priser for revisjon var gjeldande frå 01.07.16. Kommunestyret gjorde vedtak om å forlengje avtalen med Deloitte AS for ett år i møtet 19.06.19, sak 38/19. Avtalen gjeld nå til 30.06.21. Utgiftene til revisjon, inkludert opptil 250 timar til forvaltningsrevisjon, blir kr 415 000.

Ny revisjonsavtale vil bli gjeldande frå 01.07.21. Det er difor knytt noko usikkerheit til prisen for revisjonstenestene frå neste år.

Kontrollutvalet sitt samla budsjettframlegg

For oversyn over budsjettforslaget for 2021, sjå eige vedlegg. Kommunen betaler meirverdiavgift på kjøp av tenester frå revisor. Desse vert refundert, slik at denne posten skal gå i null. Det blir her sett opp eit samla budsjett på kr 712 000 eksklusiv mva for kontroll og tilsyn for 2021.

Kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret. Forskrifta pålegg difor kommunen å sørgja for at kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret, slik at dette forslaget er kjent for kommunestyret når totalbudsjettet skal handsamast.

Sekretariatet forutset at **dersom** det skjer ein reduksjon i budsjettframlegget skal det skje av formannskap/kommunestyre i tråd med forskriftene og ikkje av administrasjonen. Dersom kommunestyret vedtar endringar i kontrollutvalet sitt budsjettframlegg må dette meldast til kontrollutvalssekretariatet.

Saka vert lagt fram for kontrollutvalet til diskusjon knytt til utvalet sine prioriteringar for neste år, samt ei tilråding til kommunestyret for kommande ramme for kontroll og tilsynsarbeidet.

Aksdal, 14.09.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

ETNE KOMMUNE

KONTROLLARBEIDET - BUDSJETT 2021

ART I KOSTRA	TEKST	UTVALET	SEKRETARIAT	REVISJON	BUDSJETT 2021	UTVALET SITT BUDSJETT 2020	Merk nader
10801	Godtgjersle leiar	19 200			19 200	17 000	
10801	Godtgjersle medlemmene	19 200			19 200	17 000	1
10802	Tapt arbeidsforteneste	5 000			5 000	10 000	
10990	Arbeidsgjevaravgift	5 400			5 400	5 000	
0	Lønsutgifter	48 800	-	-	48 800	49 000	
11500	Kurs og opplæring	50 000			50 000	50 000	
11601	Skyss- og kostgodtgjersle	5 000			5 000	5 000	
11651	Telefongodtgjersle	500			500	500	
11950	Medlemskap og kontingentar	3 500			3 500	3 500	
1	Andre utgifter	59 000	-	-	59 000	59 000	
13700	Kjøp frå private (Deloitte AS)			415 000	415 000	404 000	2
13750	Kjøp frå HKS IKS		189 200		189 200	183 000	3
	TOTALT	107 800	189 200	415 000	712 000	695 000	

Merknader:

1. Planlagt 4 møter (958,- x 4 møter x 5 medl.)
2. Omfattar rekneskap- og forvaltningsrevisjon, samt selskapskontroll, utan mva.
3. Omfattar sekretariatstenester for utvalet

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	21.09.20	19/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 21.09.20

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene 18 – 22 vert tatt til orientering.

Saksvedlegg:

- 18. Statusrapport pr. september 2020
- 19. Protokoll frå repr. møte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland 15.05.20
- 20. Protokoll frå repr. møte i Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS 27.05.20
- 21. Protokoll frå repr. møte i Haugaland Vekst IKS 12.06.20
- 22. «Kontrollutvalget kan kreve at kommunedirektøren stille på møte» - Kommunal Rapport

Saksorientering:

Sakene blir lagd fram for kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 14.09.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Kontrollutvalet – statusoversikt september 2020

Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)	18.05.20	Felles-prosjekt	Under utarbeiding	November 2020	6 kommunar deltek
Selskapskontroller					
Andre saker					

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon	25.11.19	21.09.20			
Plan for eigarskapskontroll	25.11.19	21.09.20			
Risiko- og vesentlegvurderingar	25.11.19	18.05.20			140 timar
Innkjøp	19.11.18	23.09.19	29.10.19	21.09.20	250 timar
Selskapskontroller					
Andre saker					

Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Følgd opp KU/ KST	Merknader
IKT og informasjons-tryggleik	20.11.17	17.09.18	31.10.18	20.05.19 og 17.02.20/ 19.06.19 og 16.06.20	Samarbeids-prosjekt med Vindafjord
Sjukefråvær	13.02.17	02.10.17	17.10.17	14.05.18/ 20.06.18	Avslutta



**REFERAT FRÅ REPRESENTANTSKAPSMØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND
FREDAG 15 MAI KL. 10.00-12.30 PÅ TEAMS**

Desse møtte:

Austevoll:

Edvard Johannes Stangeland
Joon Raymond Haugland
Håvard Endre Waage

Bømlo:

Inge Reidar Kallevåg
Torunn Laurhammer

Etne:

Siri Klokkestuen
Lars Olav Bergsvåg
Kenneth Lyng Karlsen

Fitjar:

Bård Inge Sørfohn
Grete Marit V. Maraas
Angunn Bårdsen

Kvinnherad:

Hilde Enstad
Gaute Lund
Silvia Tofte

Stord:

Torbjørn Brosvik
Sigbjørn Framnes

Sveio:

Ruth Eriksen
Linn Therese Erve
Arne Valen

Tysnes:

Ingrid Tysnes Stue
Ole Chr. Kjerrgård
Magne Storesætre

Frå Samarbeidsrådet møtte:

Ordførar Morten Storebø, Austevoll kommune
Ordførar Sammy Olsen, Bømlo kommune
Ordførar Mette Heidi B. Ekrheim, Etne kommune
Kommunadir. Bjørn Tollefsen, Etne kommune
Ordførar Harald Rydland, Fitjar kommune

Ordfører Hans Inge Myrvold, Kvinnherad kommune
Kommunaldir. Ragnhild Bjerkvik, Kvinnherad kommune
Ordfører Jakob Bjelland, Stord kommune
Ordfører Kåre Martin Kleppe, Tysnes kommune
Rådmann Steinar Dalland, Tysnes kommune
Rådmann Jostein Førre, Sveio kommune

Frå administrasjonen møte:

Gro Jensen Gjerde
Reidun Rykkje
Anne A. Tranøy
Bodil Haga
Brynjar Stautland


Forfall:

Anne Torhild Johannessen, Bømlo kommune – Katrin Ankervold, Stord kommune.


Då var føre:

- Sak 01/20 Opning av møte. Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 02/20 Val av
- Referent
- Møteleiar
- To representantar til underskriving av protokoll
Sak 03/20 Godkjenning av årsmelding 2019
Sak 04/20 Godkjenning av rekneskap 2019
Sak 05/20 Godkjenning av økonomiplan 2020-2023
Sak 06/20 Godkjenning av budsjett 2020
Sak 07/20 Godkjenning av handlingsplan 2020
Sak 08/20 Godkjenning av revisor

Sunnhordland, 15 mai 2020



Siri Klokkestuen
Representantskapsleiar



Hilde Enstad
Kvinnherad kommune



Torbjørn Brosvik
Stord kommune

**REFERAT FRÅ REPRESENTANTSKAPSMØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND
FREDAG 15. MAI KL. 10.00 – 12.30 PÅ TEAMS**

Sak 01/20 Opning av møte. Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 02/20 Val av

- Referent
- Møteleiar
